

Regionalplan for kulturmiljø

Oppsummering av høyringsuttalar med kommentarar

Her følger ei liste over alle skriftlege høyringsinnspel, med oppsummering og vurdering frå fylkesdirektøren.

Tabellen i dokumentet viser nummeret til uttalen, kven som har gitt uttale, ein oppsummering av uttalen og fylkesdirektørens vurdering og kommentar til kvar uttale.

Innspela er nummerert i alfabetisk rekkefølge. Innspel nr 47 og 48 kom inn etter høyringsfristen.

1. Arkeologisk museum, Universitetet i Stavanger
2. AVINOR, Stavanger lufthavn, Sola
3. Bane Nor SF
4. Bjerkreim kommune
5. Dalane folkemuseum
6. Den norske kyrkja, Stavanger bispedøme
7. Eigersund kommune
8. Engøyholmen kystkultursenter
9. Fortidsminneforeningen Rogaland avdeling
10. Gjesdal kommune
11. Haugesund kommune
12. Hjelmeland kommune
13. Hå kommune
14. Karmøy kommune
15. Klepp kommune
16. Kvitsøy kommune
17. Kystverket
18. Lund kommune
19. Museum Stavanger (MUST) – Stavanger maritime museum
20. Nedstrand museum- og historielag

21. Norges kulturvernforbund
22. Norges museumsforbund
23. Norges Vassdrags- og energidirektorat (NVE)
24. Norsk foreining for Fartøyvern
25. Norsk fyrforening
26. Norsk oljemuseum
27. Randaberg kommune
28. Regionmusea i Rogaland – Felles uttale frå
 - a. Dalane folkemuseum
 - b. Jærmuseet
 - c. Museum Stavanger
 - d. Haugalandmuseet
 - e. Ryfylkemuseet
29. Rogaland Bondelag
30. Rogaland fylkeskystlag
31. Rutebilhistorisk foreining avdeling Haugaland
32. Ryfylke friluftsråd
33. Sandnes kommune
34. Sauda kommune
35. Sokndal kommune
36. Sola kommune
37. Statens vegvesen
38. Stavanger arkitektforening
39. Stavanger kommune
40. Strand kommune
41. Suldal kommune
42. Time kommune
43. Tysvær kommune
44. Utsira kommune
45. Vindafjord kommune
46. Ytrabergets venner
47. Sauda Vekst AS
48. Erik Gotfredsen

Nr.	Frå	Oppsummert innspel	Vurdering og kommentar
1	Arkeologisk museum, Universitetet i Stavanger	<p>Arkeologisk museum meiner at dette er ein plan som vil vere med på å gjere kommunar, grunneigarar, organisasjonar og andre, meir medvitne om kulturmiljøverdiane i fylket.</p> <p>Museet støttar utarbeiding av fagleg program for arkeologi.</p> <p>Museet støttar utvikling av ein felles nettportal for å samle informasjon om kulturminne. Museet er usikre på om det er ynskjeleg å opprette ein ny teneste i tillegg til temakart-Rogaland.</p> <p>Museet er positive til å styrke kulturmiljøforvaltninga i kommunane.</p> <p>Museet ynskjer at planen skal framheve at forskning er ein føresetnad for ny kunnskap, og ein viktig del av forvaltninga, formidling og verdiskaping.</p> <p>Automatisk freda kulturminne er tona ned i planen samanlikna med kulturminne frå nyare tid. Museet ynskjer sterkare og tidlegare omtale av automatisk freda kulturminne.</p> <p>På grunn av sterk vekst i regionen har presset på automatisk freda kulturminne auka dei siste åra. Både i tettbygde strok og i jordbrukslandskapet. Planen aukar medvitsgjeringa om dette, og kan bidra til å finne god balanse mellom vern av kulturminne i landskapet, og korleis ein kan utnytte og vidareutvikle ressursane i det same landskapet.</p>	<p>Tatt til orientering.</p> <p>Arkeologisk museum har byrja arbeidet med eit fagleg program for steinalderarkeologi, og fylkeskommunen er samarbeidspart.</p> <p>Ein felles nettportal for kulturarv kan vere eit godt formidlingsverktøy. Denne kan koplast mot temakart-Rogaland. Før nettportalen kan bli utvikla er det nødvendig med eit forprosjekt som blant anna kan sjå på problemstillingane som museet løfter opp.</p> <p>Tatt til orientering</p> <p>Det er gjort eit par mindre endringar i teksten for å betre framheve arkeologi.</p> <p>I tråd med framlagt plan.</p>

Nr.	Frå	Oppsummert innspel	Vurdering og kommentar
		<p>Det er positivt å tilrettelegge og formidle kulturminne, men dette fører også til slitasje. Skjøtselsplanar og overvaking er viktige avbøtande tiltak, her bør kommunar, frivillige og grunneigarar bli involverte.</p> <p>Oversikta over kulturmiljø av regional interesse viser i liten grad arkeologiske kulturminne, og/eller førhistoriske epokar.</p> <p>Arkeologisk museum ynskjer at fleire heilskaplege arkeologiske kulturmiljø bør vere del av oversikta. Det er ein svakheit å basere oversikta så sterkt på dei kommunale kulturminneplanane, som varierer i kvalitet og omfang. Særleg varierer det om dei har tatt med førhistoriske kulturmiljø eller ikkje. Ein kan som følgje av dette miste det overordna perspektivet for kva som er unikt og representativt for Rogaland som region.</p> <p>Museet ynskjer heller tematiske utveljingar. Museet ynskjer også større fokus på tidsdjupne i dei utvalde miljøa, til dømes alle steinalderbuplassane langs Sunnlandsstraumen.</p> <p>Det er få kulturmiljø i dal-/hei- og fjellandskap. Utmarkslokalitetar som stølsområde, fangstanlegg, steinalderbuplassar og bergmalingar er underrepresenterte.</p> <p>Arkeologisk museum er positive til at planen tar opp problematikken rundt klimaendringar. Tiltak</p>	<p>I tråd med framlagt plan.</p> <p>Fylkeskommunen har lagt inn eit nytt tiltak om å registrere arkeologiske kulturmiljø, og ynskjer å gjennomføre dette som ein del av den fylkeskommunale innsatsen mot fagleg program.</p> <p>Det er gjort eit par mindre endringar i skildring til enkelte miljø for å framheve tidsdybde og arkeologi. Elles skal fylkeskommunen gjennomføre eit eige prosjekt for arkeologiske kulturmiljø.</p> <p>Etter fleire innspel er registrering av kulturminne og kulturmiljø frå dal-, hei og fjell tatt med som eige tiltak.</p> <p>Tiltak i planen gjeld alle kulturminne, ikkje berre kulturmiljø i oversikta. Dette gjeld alle tiltak, med mindre det er spesifisert at tiltaket berre gjeld kulturmiljøa markert på kart.</p>

Nr.	Frå	Oppsummert innspel	Vurdering og kommentar
		knytta til dette må gjelde alle kulturminne, ikkje berre dei som er omtalte i utvalet..	
2	AVINOR, Stavanger lufthavn, Sola	Avinor gir uttale til kulturmiljø av regional interesse, Sola sjø. Sola sjø er med i Avinor sin landsverneplan. Avinor viser også til at det er laga eit eige kunnskapsgrunnlag om kulturminne og kulturmiljø på Stavanger lufthavn.	Tatt til orientering.
3	Bane Nor SF	Ingen merknad	Tatt til orientering
4	Bjerkreim kommune	<p>Formannskapet i Bjerkreim kommune gjorde 13.03.2023 følgende vedtak:</p> <p><i>Det er lagt ned et godt og grundig arbeid med forslag til plan som nå er sendt på høring.</i></p> <p><i>Foreslåtte mål, strategier og tiltak vil på en god måte bidra til å nå den visjonen som er satt for arbeidet: «Rogaland tar vare på og verdsett kulturmiljøa sine som viktige ressursar i ei berekraftig samfunnsutvikling».</i></p> <p><i>For god måloppnåelse vil det likevel være helt avgjørende at det offentlige sørger for enkel tilgang på gode støtteordninger for ivaretagelse av viktige kulturmiljø.</i></p> <p>I saksframlegget har kommunen peika på at det er positivt at planretningslinjene er utforma med tanke på å gi rom for vurderingar som er tilpassa lokal forvaltning og utvikling.</p> <p>Kommunen trekker fram følgende tiltak som positive:</p>	<p>Tatt til orientering.</p> <p>Rogaland fylkeskommune, stat og kommune gir tilskot til kulturminne, og planen skal bidra til betre tilskotsordningar. Bjerkreim kommune er ein av seks kommunar i Rogaland som har støtteordning for kulturmiljø over eige budsjett.</p> <p>Tatt til orientering.</p>

Nr.	Frå	Oppsummert innspel	Vurdering og kommentar
		<ul style="list-style-type: none"> - Tilskotsordningar - Rettleiing og kompetanse - Oppteikning av gatefasadar - Ny bruk av tomme bygg i LNF-område Kommunen er samd i utvalet at kulturmiljø av regional interesse.	
5	Dalane folkemuseum	<p>Dalane folkemuseum stiller seg bak felles høyringsinnspel frå regionmusea og innspel frå Norges Museumsforbund.</p> <p>Det er store forventingar til musea for å oppnå visjon og mål og regionalplan for kulturmiljø, og musea har unik kompetanse i sin region. Samstundes er musea svært pressa på arbeidskraft og tid, og for at musea skal kunne handtere fleire oppgåver må det følgast opp med ressursar.</p> <p>Museet føreslår å bytte ut omgrepet vikingtid med jernalder på tiltak om formidling og reiseliv, fordi jernalder treffer betre den rike, arkeologiske historia til Rogaland.</p> <p>Musea har fleire innspel til kulturmiljø:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Slettebø/Bakkebø i Eigersund kommune, endring av feil grenser - Kjervald, Imeseid og Støla i Eigersund kommune: Tre tradisjonelle "heiagarder" med våningshus og driftsbygningar. Einskapleg kulturlandskap og tradisjonell byggeskikk i Dalane. Heiagardane er 	<p>Tatt til orientering.</p> <p>Musea er sentrale i kulturmiljøvernet, med høg kompetanse. Musea mottok driftstilskot frå kommune, fylke og stat som bidreg til at musea kan gjere kjerneoppgåvene sine. For å kunne gjennomføre særlege regionale satsingar som bygningsvernrådgevingsteneste er det naturleg å gje ekstra ressursar til musea.</p> <p>Vikingtid er brukt for å tydeleggjere og prioritere ein del av kulturhistoria med kjent og stort potensiale for reiselivsutvikling. Eit løft av vikingtid er tenkt som ein inngang til på sikt å løfta fram formidling av andre sentrale periodar i Rogaland.</p> <p>Eigersund kommune har tilsvarande innspel, miljøet er endra. Heiagarder og stølar er ikkje representerte i stor grad i utvalet av kulturmiljø i dag. Det er om lag 7 km mellom Kjervald og Støla, og miljøet er større enn mange miljø i planen. Innspelet vert teke til vurdering i vidare planrulling.</p>

Nr.	Frå	Oppsummert innspel	Vurdering og kommentar
		<p>sjeldne, fordi stadig fleire blir rivne/ombygde.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Rosland til Barstad i Sokndal kommune, fordi det er eit område med mange automatisk freda kulturminne, Fasgardlandsbyen på Barstad og særleg mange stadnamn med Frøy. - Kvernhusanlegget til Dalane folkemuseum på Fuglestad i Hå kommune. Anlegget er representativt for ein lang kverntradisjon - og sjeldan. - Jernvinneanlegget på Tagholt i Lund kommune. Dette er eitt av Norge sine største og eldste jernvinneanlegg og viser den tidlege bruken av mineral i Dalane. 	<p>Rosland til Barstad blei vurdert tidleg i planprosessen, men tatt ut på grunn av storleik. Både arkeologiske og nyare tids kulturminne i området er interessante, og kan bli vurderte i framtidig rullering. Kvernhusanlegget er teke med i oversikta over kulturmiljø som skal bli vurderte i oppfølging av planen. Innspelet blir teke med i arbeidet med å registrere arkeologiske kulturmiljø av regional interesse.</p>
6	Den norske kyrkja, Stavanger bispedøme	<p>Bispedømmet peiker særleg på kyrkjene som kulturminne, og at dei i tillegg til å vere gudshus, mange stader også fungerer som lokale kulturhus. Kyrkjene er viktige for lokal identitet i by og bygd. Kyrkjene er med på å skapa kulturminne og kulturmiljø. Kyrkjene har eit stort potensiale for ein breiare bruk enn den me ser i dag. Bispedømmet ynskjer eit godt samarbeid med Rogaland fylkeskommune og andre kulturaktørar, og håpar at kyrkjene blir meir synlege i regionalplan for kulturmiljø.</p>	<p>Tatt til orientering.</p> <p>Kyrkjene i Rogaland er ein viktig del av kulturarven vår. Kyrkjene er sentrale i mange av kulturmiljøa i planen, og elles er mange kyrkje viktige einskildminne. Kystpilegrimsleia og 900-årsjubileet for bispedømmet og domkyrkja i 2025 er døme på prosjekter og satsingar der formidling og bruk av kyrkjene er sentrale.</p>
7	Eigersund kommune	<p>Eigersund kommune har behandla høyringa i politisk i utval for levekår og planteknisk utval i mars 2023 kor det var gjort følgande vedtak: <i>Regionalplan kulturmiljø tiltredes med følgande presiseringer:</i></p>	<p>Tatt til orientering.</p>

Nr.	Frå	Oppsummert innspel	Vurdering og kommentar
		<p>1. Det er behov for større lokal kunnskap og veiledningsmulighet til innbyggere og aktører som har verneverdige bygninger. Det anses svært positivt at fylkeskommunen vil satse på å øke den lokale kompetansen gjennom en egen rådgivningstjeneste innenfor bygningsvern.</p> <p>2. Det må i tillegg til en bygningsvernrådgivningstjeneste ses på muligheten for å organisere en regionantikvar for Dalane som kan drive forvaltningen av kulturmiljø i ønsket retning.</p> <p>3. Økt kapasitet på økonomiske insentiver og videre arbeid for å utdanne håndverkere med riktig kompetanse anses som viktige prioriteringer i handlingsprogrammet.</p> <p>4. Det følger gode skildringer av kulturmiljøene som er nevnt i planen, der det fremheves hvorfor de enkelte kulturmiljøene er viktige, og hva slags utfordringer som finnes. Det er positivt at dette videreføres til kartløsningen slik at informasjonen enklere kan formidles til flere.</p> <p>5. I kartoversikten gjøres følgende endringer:</p> <p>a. Eigerøy fyr utvides til å inkludere hele Midbrødøya</p> <p>b. Skadbergstronda utvides og innlemmes i større del av viktig landskap på Eigerøy. Myklebuststronda tas også med som regionalt viktig kulturmiljø</p> <p>c. Auglend vandringshavn utvides til å være en del av Auglend som helhetlig regionalt viktig landskap</p>	<p>I tråd med planen.</p> <p>Det er positivt at kommunen ser verdien av ein regionantikvar, slik dei tidlegare har hatt i Dalane. Ei slik stilling er ei kommunal oppgåve å organisere og finansiere. Fylkeskommunen synes eit fornya interkommunalt samarbeid om kulturminnekompetanse vil vera svært positivt. Tatt til orientering.</p> <p>Skildring og foto frå miljøa er lagt inn i temakart-Rogaland.</p> <p>Skildring og omfang for Eigerøy fyr er endra etter innspel.</p> <p>Kommunens forslag til endring av Skadbergstronda er stor, og krevur grundigare vurdering og forankring. Vurderinga er utsett til hausten 2023.</p> <p>Fylkesdirektøren kjenner ikkje nok til landskapet rundt Auglend, og skal vurdere utviding av Auglend hausten 2023, med særleg vekt på omfang av kystlynghei, friluftsområde og kulturminne.</p>

Nr.	Frå	Oppsummert innspel	Vurdering og kommentar
		<p><i>d. Egersund sentrum utvides til å inkludere Prestegården og Vardberg. Samtidig bør båthus langs vest-siden av Vågen tas ut.</i></p> <p><i>e. Kulturmiljøområde rundt Stoplesteinan bør utvides slik at det også inkluderer viktig landskap som bør sees i sammenheng</i></p> <p><i>f. Kulturmiljøområde Slettebø og Bakkebø justeres. Deler av det som er tatt med mot Langevann er ikke relevant. Sti fra Bakkebø til Langevann innlemmes.</i></p> <p><i>g. Kulturmiljøområde Helleland stasjon reduseres til kun området rundt stasjonsbygningene</i></p> <p><i>h. Gruveminner i Koldal innlemmes som regionalt viktig kulturmiljø</i></p> <p><i>i. Naustmiljø i Svånesvigå innlemmes som regionalt viktig kulturmiljø</i></p> <p><i>j. Egersund batteri innlemmes som regionalt viktig kulturmiljø</i></p> <p><i>k. En ser nærmere på eldre postveier som har gått over kommunegrensene i Dalane</i></p>	<p>Prestegården og Vadberg er tatt inn i kulturmiljøet i tråd med innspel. Båtgarasjene i Egersund er eit særspreg for sentrum. Garasjene er stort sett bygget på 1960-talet, og fylkesdirektøren vurderer at dei har kulturmiljøverdi, men at bevaring av hele eller deler av båthusa bør bli nærare vurdert i ein reguleringsprosess. Det pågår ein større reguleringsprosess for Eie, og fylkesdirektøren foreslår å vente med å endre denne delen av kulturmiljøet til planarbeidet er kome lenger. Skildring og omfang til Stoplesteinane er endra etter innspel.</p> <p>Skildring og omfang til Slettebø og Bakkebø er endra etter innspel.</p> <p>Eigersund kommune foreslår å redusere Helleland til å berre dekke stasjonsbygg og toglinje. Fylkesdirektøren er einig i at miljøet kan reduserast, men ynskjer å behalde Svalestad bru frå 1800-talet, og meieri, næringsbygg og andre bygg mellom brua og stasjonen. Skildring og markering er endra for å vise dette. Gravhaugar er og med for å synleggjere tidsdjupne til knutepunktet Helleland. Fylkeskommunen har behov for meir kunnskap og gjera ei nærmare vurdering av Koldal og Svånesvigå og Egersund batteri, og vil vurdere å innlemme miljøet i ei seinare rullering.</p> <p>Mange postveigar og andre samferdsleanlegg er markerte i Temakart-Rogaland, og fylkeskommunen vil revidere og ajourføre oversikta.</p>

Nr.	Frå	Oppsummert innspel	Vurdering og kommentar
8	Engøyholmen kystkultursenter	<p>Engøyholmen kystkultursenter STI sine interesser er særskilt knytta til maritime kulturminne og miljø, og immateriell kulturarv. Dei sluttar seg til visjonen som ligg til grunn for regionalplanen.</p> <p>Merknader til ein skilde strategiar:</p> <p>Til strategi 1b kulepunkt 2 påpeiker dei at Engøyholmen kystkultursenter tidlegare har fått midlar til å bygge opp eit kompetansesenter for tradisjonshandverk, og at ein bør vidareutvikle det som allereie er i bruk. Ei vidare satsing på kompetansebygging og rådgjevingsteneste innan maritimt tilknytta fag og utfordringar, bør prioriterast. Det bør være eit pilotprosjekt på lik linje med det som er føreslått for bygningsvern. Ei slik satsing vil også være eit tiltak under strategi 1c.</p> <p>Engøyholmen kystkultursenter applauderer satsinga og tiltaka under strategi 1c kulepunkt 1 og 2. Dei har ekspertise, verkstader og lokale, og ynskjer å tilby senteret sine fasilitetar og tilsette-ressursar for opplæringsføremål og formidling i tråd med måla i denne strategien.</p> <p>Støttar strategi 1d og 2a, men 1d må følgast opp med støtteordningar der kulturmiljø skal sikrast mot skade.</p> <p>Føreslår nytt kulepunkt (5) under strategi 2b: <i>"Etablere en søkbar økonomisk støtteordning for frivillige lag/organisasjoner/private eiere av</i></p>	<p>Tatt til orientering.</p> <p>Gjennom planarbeidet har fylkeskommunen sett på ulike modellar for ei rådgjevingsteneste for bygningsvern, og konklusjonen er at denne tenesta bør vere knytt til ein etablert institusjon med bygningsvernkompetanse, og kor fylkeskommunen allereie bidreg med fast driftstilskott. Mellom anna difor er det peika på regionmusea, sjølv om Engøyholmen og tilsvarende institusjonar også kan ha ei tilsvarende rolle. For maritime fag og fartøyvern vurderer fylkeskommunen at behovet er mindre, og at det blir dekkja gjennom fylkeskommunen si eiga rådgjeving, fartøyvernsentra i Kristiansand og Hardanger samt lokale båtbyggeri og institusjonar.</p> <p>Engøyholmen si satsing på kursing og bevaring av tradisjonshandverk er framifrå, og blir ein god samarbeidspartnar for fylkeskommunen, kommunane og musea i oppfølging av regionalplanen.</p> <p>Fylkeskommunen skal vurdere å opprette økonomiske støtteordningar i oppfølging av planen.</p>

Nr.	Frå	Oppsummert innspel	Vurdering og kommentar
		<p><i>kulturmiljø, der formål er formidling og opplevelse av kulturmiljøet”.</i></p> <p>Stiftinga støttar strategi 2c, og meiner det er et godt initiativ å kartlegge mindre tradisjonsbåtar. Dei har gjort mykje arbeid allereie, og har fylket si største samling av rogalandsbåtar. Dei påpeiker det er naturleg at Engøyholmen kystkultursenter får ein sentral plass i det vidare dokumentasjonsarbeidet, i innsamling og i formidling av rogalandsbåtane.</p> <p>Strategi 3a: Stiftinga meiner det er naudsynt å starte arbeidet med å kartleggje kystleia frå dei inste fjordbygdene og ut til Stavanger og Haugesund. Dei historiske kystleiene kan dekke mål innanfor stadutvikling, kulturminnevern og folkehelse. Dei føreslår to tillegg i rekka av tiltak; <i>1 – “Starte kartlegging, dokumentasjon og formidling av kystleder i Rogaland. Tilrettelegge for enkelt friluftsliv med kombinasjoner av turstier, bruk av småbåt og enkle overnattingsmuligheter.”</i> <i>2 – “Det settes av søkbare midler for at frivillige organisasjoner kan medvirke i stedsutvikling og forming av lokale kulturmiljøer.”</i></p> <p>Strategi 3b: Stiftinga ønsker å vere med i oppfølginga av tiltak, og viser til kommentarar og forslag til punkta ovanfor. Dei er vidare opptekne av at skipet frå 1200-tallet som er funne i Basthabn på Fogn, vert prioritert som eit særskilt vernetiltak under strategi 3b, der det går fram av teksten at</p>	<p>Fylkesdirektøren noterer seg att Engøyholmen kystkultursenter som ein aktuell samarbeidspart i dette arbeidet.</p> <p>Kartlegging, formidling, bevaring, og utvikling av kystleia er eit interessant innspel. Tiltaket er ikkje teke med i handlingsprogrammet pr no men kan bli vurdert på eit seinare tidspunkt.</p> <p>Basthabn-Rossøy er eit regionalt viktig kulturmiljø, og vraket i Basthabn har høg verdi, men er svært sårbart. Rogaland fylkeskommune ynskjer å samarbeide med Stavanger maritime museum om kontrollregistrering og detaljkartlegging av hamnemiljø som Basthabn-Rossøy.</p>

Nr.	Frå	Oppsummert innspel	Vurdering og kommentar
		<p>det må sikrast, dokumenterast og formidlast som eit unikt, nasjonalt funn. Dei ønsker som tillegg, å få høve til å bygga ein kopi av funnet når dette ein gong er sikra og oppmålt.</p>	
9	Fortidsminneforeningen Rogaland avdeling	<p>Fortidsminneforeninga meiner at det er eit omfattande, ordrikt og velformulert dokument som ligg føre, der fleire av dei viktigaste tiltaka foreininga har vore opptekne av, er komne med.</p> <p>Fortidsminneforeninga støttar tiltaket om etablering av ei rådgjevingsteneste for bygningsvern. Dei meiner at tenesta bør vere der objekta, kunnskapen og handverkaren er, og at tenesta bør bli lagt til ein varig institusjon med fagleg nettverk utanfor forvaltningsapparatet. Fortidsminneforeninga peiker på at det er viktig med formidling, særleg å få auka medvitet og stoltheita over lokale kulturmiljø.</p> <p>Foreininga oppfordrar fylkeskommunen til å lage ein kortversjon av planen.</p> <p>Det er avgjerande for eit godt bygningsvern at restaureringshandverkaren har kompetanse i tradisjonshandverket. Foreininga støtter tiltaka til bevaring av tradisjonshandverk.</p> <p>Foreininga ynskjer at fleire av museumsanlegga i Rogaland blir markerte som kulturmiljø, blant anna Røynevarden i Suldal og Træe i Time.</p>	<p>Tatt til orientering.</p> <p>Innspelet er i tråd med vedteken plan.</p> <p>Fylkeskommunen ynskjer å trykke <i>ei kulturhistorie for Rogaland</i>, og kan inkludere ein kortversjon av planen i den.</p> <p>Tatt til orientering.</p> <p>Fylkeskommunen tar med innspel til fleire kulturmiljø med vidare i oppfølging av planen, og vil vurdere dei i framtidig rullering av kulturmiljø.</p>

Nr.	Frå	Oppsummert innspel	Vurdering og kommentar
		<p>Foreininga ynskjer også at utmarksnæringa blir del av oversikta, til dømes stølsdrift i Ryfylke. Kolonihagane i Stavanger bør også vere del av oversikta, hagane kan fortelje om både eldre og nyare former for hagebruk. Dei har framleis innslag av hytter frå den tidlege tida. Tårnhus er eit særpreg for Haugesund, og foreininga spelar konkret inn området rundt Skjoldavegen/Tuhauggata i Haugesund. Foreininga saknar fleire kulturmiljø knytt til landbruk/fiskarbonden i Nord-Rogaland, og særleg miljø med typiske løer.</p> <p>Foreininga oppfordrar til å presentere kulturmiljøa gjennom løysingar som allereie finst, som til dømes kulturpunkt.</p>	<p>Kartlegging og formidling av utmark og stølar er lagt inn som nytt tiltak i planen.</p> <p>Tuhauggata inngår som del av kulturmiljø av regional interesse. Skjoldavegen er ikkje med. Innspelet vil bli vurdert i dialog med Haugesund kommune.</p> <p>Temakart-Rogaland og Askeladden er velbrukte løysingar for forvaltninga, og er difor brukt til oversikta.</p>
10	Gjesdal kommune	<p>Gjesdal kommune har innspel til planen og desse er lagde fram for formannskapet og utval for kultur og samfunn.</p> <p>Gjesdal meiner regionalplanen er ein gjennomarbeida og grundig plan med mange gode mål. Planen vil bidra til at Gjesdal kan jobbe målretta med kulturmiljø i eigen kommune. Gjesdal skal i gang med å revidere eigen kulturminneplan.</p> <p>Gjesdal har følgande innspel:</p> <p>Kommunen støttar å bruke kulturmiljø som samleomgrep. Kommunen treng betre kunnskap/opplæring/formidling, både til</p>	<p>Tatt til orientering.</p> <p>Tatt til orientering.</p> <p>Innspelet er i tråd med framlagt plan.</p>

Nr.	Frå	Oppsummert innspel	Vurdering og kommentar
		<p>grunneigarar, men også til kommunar og sakshandsamarar.</p> <p>Kommunen har innspel til kulturmiljø som er markerte i Gjesdal, særleg til dei som ikkje har lik markering som i kommunen sine eigne planar. Korleis skal kommunen forholde seg til ulike kulturomsyn i praksis? Korleis skal dette gjennomførast i praksis? Kven har ansvar for å utarbeide stadanalysar, til dømes dersom grunneigar på Lima vil bygge ein ny driftsbygning?</p> <p>Til konkrete miljø har kommunen følgande innspel: Limagarden og Fodnabergheia, kommunen ynskjer redusert avgrensing mot gardar i aust.</p> <p>Kommunen lurar på om markering av Byrkjedalstunet kan skape problem for vidare utvikling?</p> <p>Kommunen ynskjer å endre namnet på «Ålgård» til «Industristedet Ålgård med boliger», samt at kommunen er usikker på om avgrensinga er hensiktsmessig, då ho er ulik kommunale markeringar i kulturminneplan for Gjesdal. Kva er konsekvensen av markeringa?</p>	<p>Fylkeskommunen har i hovudsak brukt kommunen sine eigne markeringar, men har gjort eigne vurderingar dersom markeringa i andre planar ikkje i stor nok grad tok med viktige regionale kulturmiljøverdiar.</p> <p>Utarbeiding av stadanalysar er ikkje naudsynt for mindre tiltak, men for større utviklingsprosjekt er det naturleg, mest av alt i byar og tettstader. Behov og ansvaret, kan til dømes avklarast i samband med reguleringsplanprosess.</p> <p>Limagarden og Fodnabergheia består av to delar og mange ulike kulturminne frå nyare og eldre tid, samt kulturlandskapet. Gardstuna aust for museumstunet Lima er tatt med som del av heilskapen, og det er også fleire eldre bygg her. I tillegg ligg det registreringar frå «verdifulle kulturlandskap» og «Vakre Landskap» rundt miljøet, som bygger opp om verdiane. Miljøet er endra til å i hovudsak omfatte kulturminne som er registrerte i Askeladden og «Verdifulle kulturlandskap».</p> <p>Markering i planen skal ikkje vera til hinder for utvikling av kulturmiljø som til dømes Byrkjedalstunet, men eit signal om at utviklinga bør skje på ein måte som bevarar og styrker kulturmiljø og historie.</p> <p>For Ålgård har Gjesdal kommune i sin kulturminneplan delt det historiske sentrum i fire soner, som til saman dekkjer store deler av Ålgård sentrum, og inneheld ein miks av gamal og ny busetnad. Kulturminneplanen er ikkje følgt opp med omsynssonar i kommuneplan for Gjesdal. Difor har fylkeskommunen valt å markere eit miljø som inneheld «Fotlandshagen indre sone» og området med Spinneriet, Nilsabakken og Storahuset. Gjesdal</p>

Nr.	Frå	Oppsummert innspel	Vurdering og kommentar
		<p>Kulturlandskapet og elementa i det - særleg steingardar - burde vore betre skildra i planen. Til dømes under tema 4: landskap.</p> <p>Gjesdal historie- og ættesogelag har også sett på planen, dei er glade for at fleire historiske bygg i Ålgård er med, som Ålgård gamle kyrkje. Det er synd at «Udlauset» og «Spinneriet» ikkje er med, men ser at endringane rundt og på desse bygga gjer at dei ikkje lenger inngår som ein naturleg del av eit kulturmiljø.</p>	<p>kommune skal starte revisjon av eigen kulturminneplan, då skal fylkeskommunen og vurdere revisjon av kulturmiljø av regional interesse i Gjesdal i dialog med kommunen.</p> <p>Kulturlandskapet - og særskilt steingardar - er omtalt i <i>ei kulturhistorie for Rogaland</i>, men blir også teke med i planretningslinjene etter innspel.</p> <p>Gjesdal historie og ættesogelags uttale blir tatt til orientering.</p>
11	Haugesund kommune	<p>Haugesund kommune har behandla høyringa i utval for kultur, idrett og frivilligheit 22.02.23.. Vedtaket lyder: <i>Utvalget vedtar at innspill som beskrevet i saken sendes inn som høring til Rogaland fylkeskommune 24.02.23.</i></p> <p>Haugesund har fleire innspel. Overordna ynskjer kommunen at kulturmiljøa i regionalplanen skal følgje markeringar gjort i kommunedelplan for Haugesund sentrum, og ikkje markeringane frå Riksantikvarens NB!-register. Kommunen sine soner er nyare og eit betre grunnlag for forvaltning. Kommunen omtalar dette generelt, og har eit par konkrete miljø som dei særleg ynskjer endra. Dette gjeld sonane:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Lothemarken/Asalvik/Havnaberg - Risøy 	<p>Tatt til orientering.</p> <p>Regionalplanen har tatt med NB!-registeret som «kulturmiljø av nasjonal interesse», og brukt avgrensingane som er sette av Riksantikvaren i samarbeid med fylkeskommune og kommune for over ti år sidan. Kommunen har etter dette utarbeidd ein kommunedelplan for sentrum, med meir oppdaterte omsynssonar. Sentrumsplanen blei vedteken i 2022.</p> <p>Fylkeskommunen har endra kulturmiljøa i tråd med kommunen sine innspel, og vil gå i dialog med Riksantikvaren om å endre dei nasjonale kulturmiljøa på same måte. Haugesund sentrum er delt i tre miljø. Lothemarken, Risøy og Hasseløy er utvida.</p>

Nr.	Frå	Oppsummert innspel	Vurdering og kommentar
		<p>Kommunen ynskjer at fylkeskommunen skal inkludere eit nytt kulturmiljø:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Skåre kirke og Haugetunet <p>Kommunen støttar markering av Lillesund og Salhusvegen</p> <p>Haugesund kommune framhevar også viktigeita av å ta vare på og beskytte samanhengande myr- og lynglandskap i planarbeidet. Desse områda spelar ei sentral rolle for økosystem ved å bidra til karbonlagring og oppretthalde biologisk mangfald. Myr og lynglandskap er viktig for kultur og historie på Haugalandet.</p> <p>Kommunen peiker særleg på det samanhengande området frå Karmøy til Etne som bør bli synleggjort i planen. Fylket og kommunane kan bidra til å sikre vern av myr og lyng ved å sette fokus på dette i kulturminneplanar.</p>	<p>Skåre kirke og Haugetunet er tekne med som nytt miljø. Foreløpig utan ferdig skildring.</p> <p>Myr og kystlynghei er truga naturtypar i Rogaland, og svært viktige å ta vare på. Haugalandet er eit viktig område for lynghei. I regionalplanen er ikkje lyngheiene tekne med som kulturmiljø av regional interesse, men omtalt i <i>Ei kulturhistorie for Rogaland</i> og i plandokumentet.</p> <p>Fylkeskommunen samarbeider med Statsforvaltaren, kommunane organisasjonar og grunneigarar om å ta vare på kystlyngheia.</p>
12	Hjelmeland kommune	<p>Hjelmeland kommune tok uttalen opp i formannskapet 07.02.23, og fatta følgande vedtak: <i>Hjelmeland kommune er positiv til satsing på kulturmiljø og kulturarv. Når det gjeld dei konkrete kulturmiljø som er peika ut, kan kommunen i hovudsak slutta seg til desse. Med omsyn til Hjelmelandsvågen vert det peika på at dette er den mest sentrale tettstaden i kommunen, og det er viktig at denne tettstaden får utvikla seg vidare, samstundes som lokale og regionale mål og føringar for kulturmiljø vert ivaretatt.</i></p> <p>I saksframlegget peiker administrasjonen på fleire tema som dei ynskjer løfta meir fram – dette gjeld særleg immateriell kulturarv som er knytta til</p>	<p>Tatt til orientering.</p> <p>Markeringane av kulturmiljø representerer ikkje omsynssone, og skal ikkje vera til hinder for lokal utvikling, men at tydelige signal om at her må utviklinga tilpassast kulturmiljø og lokalsamfunn. Fylkesdirektøren har redusert markeringa av Hjelmelandsvågen og Nordbygda i nord etter ein nærare vurdering av verneverdiar.</p> <p>Det er gjort endringar i planen for å understreka den immaterielle kulturarven si rolle og samanheng med materiell kultur. Det er ikkje utarbeidd eiga oversikt over den viktigaste immaterielle</p>

Nr.	Frå	Oppsummert innspel	Vurdering og kommentar
		handverkstradisjon, som jærstol og sølvsmedtradisjon.	kulturarven, og spesifikke tradisjonar eller lokale produkt vert ikkje trekt fram.
13	Hå kommune	<p>Hå kommune har presentert høyringa som ei orienteringssak til utval for opplæring og kultur den 25.01.2023.</p> <p>Hå kommune vil berømme Rogaland fylkeskommune for det omfattande arbeidet som er lagt ned i planen.</p> <p>Regionalplan for kulturmiljø er eit dokument som formelt fastslår det pågåande samarbeidet rundt kartlegging og forvaltning av kulturminne, utveksling av kunnskap, samarbeid om tilskotsordningar og formidling til publikum.</p> <p>Hå kommune har innspel til kulturmiljøa av regional interesse. Dei 13 utvalde områda samsvarar i stor grad med område som er føreslått verna i forslag til ny kommuneplan for Hå.</p> <p>Tre av dei føreslåtte omsynssonane i kommuneplanen er ikkje markerte i regionalplanen.</p> <p>I hovudsak er kartmarkeringane like, med nokre skilnader.</p> <p>Kvasheim, Hanabergmarka, Varhaug gamle kyrkjestad er større i regionalplanen fordi fylkeskommunen har tatt med både automatisk freda og nyare tids kulturminne.</p> <p>Kommunen føreslår å endre kommunal markering for Varhaug gamle kyrkjestad i tråd med fylkeskommunen si markering.</p>	<p>Tatt til orientering.</p> <p>Tatt til orientering.</p> <p>Tatt til orientering.</p>

Nr.	Frå	Oppsummert innspel	Vurdering og kommentar
		<p>For Hitler-tennene på Brusand har kommunen ei større markering, som også inkluderer krigsminne lenger vest. Kommunen tilrår å bruke kommunen si markering.</p> <p>Hå gamle prestegard er kalla «Utløpet av Håelva» i kommunen si oversikt. Kommunen tilrår at fylkeskommunen endrar namnet.</p>	<p>Kulturmiljøet Hitlertennene er endra for å ha betre samsvar med forslag til ny kommuneplan for Hå. I tillegg har fylkeskommunen markert eit bevartområde øst for kommunens markering, og Hitlertenner i hyttefeltet ved Steinabakken, som er markert med omsynssone H570 i reguleringsplan for Steinabakken. Endring av namn er gjort i tråd med innspel.</p>
14	Karmøy kommune	<p>Formannskapet i Karmøy kommune behandla uttalen som referatsak 30.01.2023. Karmøy kommune meiner planen har tydelege mål og strategiar. Karmøy ynskjer å forbetre bygningsvernet gjennom at dei viktigaste einskildobjekta i kvar kommune blir viste i planen. Dette vil gjere den regionale betydninga tydelegare. Karmøy ynskjer meir konkrete tiltak for opplæring av unge handverkarar, og kommunen peiker også på at dette er eit samla punkt mellom regionalplan for kulturmiljø og <i>Regionalplan Kompetanse Rogaland 2023-2031</i>.</p>	<p><i>Ei kulturhistorie for Rogaland</i>, samt planskildringa skal kunne brukast av kommunane til å vurdere einskildminne. I oppfølging av planen sin strategi 2D vil fylkeskommunen også registrere einskildminne.</p> <p>Fylkesdirektøren arbeider med å følgje opp strategi for tradisjonshåndverk i samarbeid med opplæringsavdelinga og andre aktørar. Difor er tiltaka ikkje endra i utkastet, men skal bli vidareutvikla og konkretisert ved rullering av handlingsprogrammet.</p>
15	Klepp kommune	<p>Hovudutval for samfunn og kultur tok planen opp på møtet 07.03.2023 og gjorde følgjande vedtak: Hovudutval for samfunn og kultur ser positivt på Regionalplan for kulturmiljø, med dei merknadene som framgår av saka:</p> <ul style="list-style-type: none"> • <i>Presisering om følgjane for grunneigar i dei områda som er utvald som regionalt kulturmiljø.</i> • <i>Før planen vert endeleg vedteken må fylkeskommunen informere involverte grunneigarar om innhaldet i planen, slik at</i> 	<p>Tatt til orientering.</p> <p>Områda som er valde ut, er fagleg vurderte til å ha regional interesse, og der kommunane og andre aktørar må vise omsyn i vidare utvikling. Kulturmiljøverdiane knytt til områda eksisterer allereie, og er i stor grad og kjente, gjennom andre registreringar, lokale planar og liknande. Regionalplan for kulturmiljø er ein overordna plan, som ikkje er direkte førande for arealbruken som i ein kommuneplan, men eit tydeleg signal om kva kulturmiljøomsyn som må takast, og kvar.</p>

Nr.	Frå	Oppsummert innspel	Vurdering og kommentar
		<p><i>grunneigarar får moglegheit til å uttale seg.</i></p> <ul style="list-style-type: none"> • <i>Området som vert brukt som beite i Tinghaugområdet, skal framleis vere beiteområde.</i> • <i>Området som er regulert for næring på sørsida av Figgjoelva, vert teke ut av planen.</i> 	<p>Grunneigarar vert difor ikkje informert eller involvert i planarbeidet, men alle som vil kan senda inn høyringsinnspel. Grunneigarar er høyringspart når det kjem til kommunale planer og tiltak.</p> <p>I samband med skilting av Tinghaug har fylkeskommunen laga ein skjøtselsplan i samarbeid med Klepp kommune, som framhever beiting som viktig for å bevare området. Områda som er regulerte til næring sør for Figgjoelva er tekne ut av kulturmiljøet Helleberget.</p>
16	Kvitsøy kommune	<p>Kvitsøy kommune har ikkje gitt eigen uttale til regionalplanen men har ga foreløpig tilbakemelding januar 2023, der dei var oppteken av forholdet mellom DIVE-analyse for Kvitsøy og kulturmiljøa Ydstebøhamn og Krossøy. Kvitsøy kommune ynskja å vente med å behandle regionalplanen til kommunen hadde behandla DIVE-analyse for Kvitsøy. DIVE er ein metode for å gjennomføre stadanalysar, og vart gjennomført på Kvitsøy i 2022. Kvitsøy kommune har behandla DIVE-analysen i formannskapet april 2023, og formannskapet tok analysen til orientering. Kvitsøy kommune har ikkje kome med ny uttale til regionalplan for kulturmiljø etter dette.</p>	<p>Fylkesdirektøren gav Kvitsøy utsett frist for uttale for å kunne behandle DIVE-analysen.</p> <p>Fylkesdirektøren har endra skildringa til kulturmiljøa Ydstebøhamn og Krossøy, og presisert i ny skildring at stadanalysen er eit kunnskapsgrunnlag for utvikling av områda. Ny skildring er sendt Kvitsøy kommune for vurdering. Kommunen har i epost understreka at: "det i plansaker må være rom for lokale vurderingar og muligheter for å tilpasse forvaltning og utvikling til lokale forhold på Kvitsøy. Som også kan bety at man utfordrer vist utstrekning av de ulike kulturmiljøene." Det er gitt svar til kommunen at planen legg vekt på nettopp dette, i planretningslinjer om kulturmiljø og gjennom plandokumentet.</p>
17	Kystverket	<p>Kystverket har kommentar til kulturmiljøet Nålaugpollen. Nålaugvika er i planen omtalt som naturhamn, og kystverket gjer merksam på at det er gjennomført hamnetiltak her i regi av Kystverket (Statens havnevesen).</p>	<p>Kystverket sine merknader vil bli tekne omsyn til i planen.</p> <p>Skildringa av Nålaugpollen er endra i tråd med innspel.</p>

Nr.	Frå	Oppsummert innspel	Vurdering og kommentar
		<p>Kystverket har både navigasjonsrettleiing og fiskerihamner som er omtalt i planen, og ein del av Kystverket sine viktige kulturminne som er freda etter kulturminnelova. Kystverket vil drifte og vedlikehalde desse.</p> <p>Kystverket si hovudoppgåve er å sikre ferdsla og ivareta tryggleiken til sjøs. Dei gjer merksame på at det kan oppstå behov for å endre eller etablere nye navigasjonsinnretningar, og ber om at det blir teke omsyn til i planen.</p>	<p>Kulturminne som er eigd av Kystverket, særleg fyr, er viktige for lokalsamfunn i heile Rogaland.</p> <p>Regionalplan for kulturmiljø skal ikkje legge hindringar for tryggleiken til sjøs. Fylkesdirektøren legg vekt på å samarbeide for å finne løysingar som både ivaretar krav til tryggleik og kulturmiljøvern.</p>
18	Lund kommune	<p>Lund kommune har hatt regionalplanen til høyring både i PNM-utvalet og OK-utvalet. Dei har gjeve si tilslutning til planen, men har også kòme med fleire forslag til kulturmiljø som kommunen meiner bør bli vurdert. Av forslaga som arbeidsgruppa, oppretta av PNM-, og OK-utvala, vurderte, innstilte arbeidsgruppa to av kulturmiljøa. Formannskapet i kommunen vedtok i møte av 14.03.23 å støtte kommunedirektøren sitt forslag til tillegg som skildra i saka.</p> <p>Dei to kulturmiljøa som vart innstilte var Kongevegen over Skydalsheia (hovudferdselsåre og postveg før 1805 mellom Lund, Heskestad og vidare nordover), og Førland kulturlandskap (lyngheiområde med godt bevart heiegardsmiljø og plass for den første treskoproduksjonen i Lund). Kommunen har gjeve ei nærare skildring av kvalitetane ved landskapa, og lagt ved kart som viser forslag til avgrensing av dei to kulturmiljøa.</p>	<p>Lund kommune har gjennomført ein god prosess med å vurdere kulturmiljø, både i forkant av høyringa og undervegs.</p> <p>Fylkesdirektøren har ikkje vurdert Kongevegen over Skydalsheia og Førland kulturlandskap som del av planarbeidet, og har ikkje nådd å synfare og vurdere områda før ferdigstilling av planen. Områda vert lagt inn i oversikten over nye kulturmiljø fylkesdirektøren vil vurdere i 2023.</p>

Nr.	Frå	Oppsummert innspel	Vurdering og kommentar
		Lund kommune er elles positive til planen.	
19	Museum Stavanger (MUST) – Stavanger maritime museum	<p>MUST har gjeve innspel til planen som forvaltnings- og fagmyndigheit for kulturminne i sjø og vassdrag. Dei meiner planen er velskriven med interessante tekstar - som dei håpar får god mottaking og blir brukt av mange.</p> <p>Under innspel til <i>Ei kulturhistorie for Rogaland</i> ynskjer dei at det kjem betre fram i kap. 2 at Jæren truleg er den delen av Noreg som i størst grad er endra av menneskeleg aktivitet. Dei har også ei retting når det gjeld havnivå i vikingtid i kap. 4.</p> <p>Dei ynskjer at naust i større grad blir løfta fram. Dei viser til at førhistoriske naust er særlege for norsk kystkultur og at kjerneområdet i Noreg er rundt Hafrsfjord.</p> <p>MUST vil ha meir omtale av betydninga av fiske i vassdrag, og trekkjer fram store lakse-elver med betydeleg laksefiske, aurefiske, og ålefiske (ålefeller) i Figgjovassdraget.</p> <p>MUST ynskjer at kulturmiljø av regional interesse blir gjennomgått av SMM som fagmyndigheit, slik at grensene er meir hensiktsmessige for sjøarealet. I mange av miljøa er ikkje noko særleg av sjøarealet med, og dette er uheldig for kulturminne i sjø. MUST ynskjer eigen dialog om dette.</p>	<p>Tatt til orientering.</p> <p>Innspel til <i>ei kulturhistorie for Rogaland</i> er følgt opp, og det er utarbeida ein ny faktaboks for kulturminne i sjø.</p> <p>Kulturmiljø av regional interesse er i stor grad basert på kommunale planar og omsynssonar, då er det vanleg å ikkje utvide arealformål i sjø, og difor stoppar også omsynssonar opp før sjøen. Fylkesdirektøren legg opp til eit eige tiltak for å endre føreslegne kulturmiljø, slik at både MUST sine omsyn blir ivaretatt og kommunane kan delta i dialogen.</p>

Nr.	Frå	Oppsummert innspel	Vurdering og kommentar
		<p>Når det gjeld planforslaget har MUST konkrete innspel til kap. 3, 6, 6.2 og 8.2. Innspela handlar om å omtale skip, automatisk freda kulturminne i sjø og vassdrag, hamner, samt det å informere om fylkeskommunens rolle som styresmakt kring § 14.</p> <p>I innspel til handlingsprogrammet sin strategi 2C føreslår MUST detaljkartlegging og kontrollregistrering av utvalde hamnemiljø over og under vatn, med Rogaland fylkeskommune og MUST som ansvarlege. Dei ønsker også å stå som hovudansvarleg saman med fylkeskommunen og Arkeologisk museum på fagleg program for arkeologi i Rogaland.</p> <p>Når det gjeld tiltaket om å <i>kartlegge små og opne tradisjonsbåtar i Rogaland</i>, ber MUST om at museet vert teke med i arbeidet. MUST har allereie gjort ein jobb gjennom Rogalandsbåtar, har god kjennskap til det arkeologiske materialet, og har kompetanse og metodikk som er oppdatert og følger faglege standardar.</p>	<p>Er endra i planforslaget i tråd med innspel.</p> <p>Fylkesdirektøren meiner dette kan vere ein god ide, og har lagt dette inn som eit tiltak saman med registrering av utvalde arkeologiske kulturmiljø.</p> <p>MUST er ein viktig samarbeidspart i det vidare arbeidet.</p>
20	Nedstrand museum- og historielag	<p>Nedstrand museum- og historielag har gjeve uttale som lokal kulturvernorganisasjon i Nedstrand. Laget ser det som svært positivt at Rogaland fylkeskommune utarbeider ein overordna regionalplan for kulturmiljø, blant anna fordi det er stort press på det gamle kulturmiljøet på Nedstrand. Tysvær kommune manglar også fagmiljø på kulturvern. Laget ynskjer ei stilling som kommuneantikvar, kanskje som kan delast på mellom fleire mindre kommunar.</p>	Tatt til orientering.

Nr.	Frå	Oppsummert innspel	Vurdering og kommentar
		<p>Laget ynskjer at Nedstrand blir med i oversikta over byar i <i>Ei kulturhistorie for Rogaland</i>. Dette fordi tollstaden Nedstrand oppsto før «ladested» vart eit formalisert omgrep.</p> <p>Laget har innspel til skildringa av kulturmiljøet på Leiranger. Mellom Leiranger og Muslandsvåg går det også fleire eldre ferdselsvegar.</p> <p>Stranda og Sandsgård har svært høg verdi og er eit unikt kulturmiljø. Museums- og historielaget synes det er positivt at fylkeskommunen har tatt med eit stort område på Nedstrand i planen. Særleg fordi områdeplan for Nedstrand frå 2020 ikkje tar med blant anna Sandsgård.</p> <p>Foreininga ønsker at Tysvær kommune skal utvide omsynssonane for Stranda slik at dei samsvarer med markeringa i Regionalplan for kulturmiljø. Laget har fleire innspel når det gjeld korleis Stranda bør utviklast, blant anna til fortetting og byggeskikk.</p>	<p>Ei kulturhistorie for Rogaland er endra i tråd med innspel, og Nedstrand er lagt til som fylket sin andre by.</p> <p>Skildringa til kulturmiljø i Tysvær er supplert etter innspel.</p> <p>Dette innspelet må rettast til kommunen, og fylkesdirektøren tek det til orientering.</p>
21	Norges kulturvernforbund	<p>Kulturvernforbundet er paraplyorganisasjon for dei frivillige kulturvern-organisasjonane. I Rogaland er det ca. 200 lokale lag med over 30 000 frivillige. Dei peiker på at kulturarven og historia tilhøyrer Rogaland si befolkning, og alle må ha høve til bli betre kjent med - og engasjere seg i - sin eigen kulturarv. Difor ynskjer dei at dei frivillige lokale laga må ha ei sterk rolle i regionalplanen.</p>	<p>Tatt til orientering.</p>

Nr.	Frå	Oppsummert innspel	Vurdering og kommentar
		<p>Kulturvernforbundet ynskjer at mål 3 bør få ei meir aktiv form, i form av at alle skal involverast, engasjerast og få medraderett.</p> <p>Kulturvernforbundet støttar målet og strategiane i planen, men meiner engasjement og medraderett skal vere eit mål i seg sjølv.</p> <p>Kulturvernforbundet støtter planen sin visjon, og påpeiker at kulturmiljø også skal gjelde den immaterielle kulturarven.</p> <p>Kulturvernforbundet peiker på at frivillige kan bidra i klimaomstilling, og at kulturvernlag på mange måtar er ei grøn rørsle som arbeider for gjenbruk, handverk.</p> <p>Dei peiker på at fylkeskommunen har eit ansvar for å tilby eit vidaregåande skuletilbod for eit breitt felt av tradisjonshandverksfag.</p> <p>Kulturvernforbundet peiker på at offentleg sektor bør gå i eit tettare samarbeid med frivillige, og støttar fylkeskommunen i å prioritere tiltak og utviklingsprosjekt der fleire aktørar går saman.</p> <p>Forbundet etterspør konkret oppretting av eit kulturmiljøråd i Rogaland som kan fungere som et bindeledd mellom kommune, fylkeskommune, frivilligheita, musea, reiselivsnæring og andre aktørar.</p> <p>Kulturvernforbundet ynskjer sterkare kontakt med</p>	<p>Fylkesdirektøren støttar forslag om større vektlegging av engasjement, og føreslår endring av mål 3.</p> <p>Planen er endra og fleire av strategiane er utvida til å gjelde større delar av den immaterielle kulturarven.</p> <p>Tatt til orientering.</p> <p>Tradisjonshandverket består av mange små og store handverksfag, og det finst fleire slike utdanningar andre stader i landet, men få i Rogaland i dag. Det er foreslått eit tiltak for å vurdere moglegheitene for eit formelt etter- og vidareutdanningstilbod innan tradisjonshandverk for handverkarar i Rogaland eller i samarbeid med andre fylke</p> <p>Oppretting av eit kulturmiljøråd, med representantar frå kommunar, organisasjonar, museum og andre aktørar, inngår.</p>

Nr.	Frå	Oppsummert innspel	Vurdering og kommentar
		regional og lokal forvaltning og drive nettverksbygging på regionalt nivå. Dei ynskjer å være tilretteleggjar for slike felles møteplassar for ulike aktørar og for allmennheita.	
22	Norges museumsforbund	<p>Norges museumsforbund peiker på kulturlova og kulturminnelova som grunnlag for planen, og til at begge desse lovene kjem til å reviderast i løpet av dei neste åra.</p> <p>NMF peiker på at planen har eit tyngdepunkt på etterreformatorisk tid – noko dei meiner bør justerast.</p> <p>NMF sluttar seg til føreslegne mål, men peiker på at det er viktig å sette av økonomiske ressursar til oppfølging.</p> <p>Det er bra at planen er dynamisk mot kva kulturmiljø som er med. I tillegg til heilskapelege kulturmiljø kan også enkeltstående objekt vere ein så viktig del av kulturarven, at det må inngå i planen.</p> <p>Musea er profesjonelle forvaltarar og kan vere gode medspelarar i eit kompetansesenter eller i ein rådgjevingsfunksjon ovanfor private eigarar og organisasjonar. Rådgjevarar som er tilknytta musea har god effekt for musea og bygningsarven.</p> <p>Forbundet meiner at det er bra å jobbe for at tradisjonshandverket blir halde levande ved å legge til rette for meir samarbeid mellom museum,</p>	<p>Tatt til orientering.</p> <p>Sjølv om det i planen er valt å definara og kartlegga større heilskapelege miljø, vil fylkesdirektøren understreka at enkeltobjekt framleis er viktige. Det kan bli aktuelt å markera enkeltobjekt av regional interesse på eit seinare tidspunkt, men det er ikkje vurdert som hensiktsmessig eller løyseleg i denne omgang.</p> <p>Museum er allereie peikt på som samarbeidsparter i oppretting av bygningsvernrådgevingstenester.</p> <p>Tatt til orientering.</p>

Nr.	Frå	Oppsummert innspel	Vurdering og kommentar
		<p>frivillige organisasjonar, stiftingar, bedrifter og vidaregåande skular.</p> <p>Musea er sentrale som forbrukarar av handverkstenester og dei kan bli læreverksemder som gir erfaring til unge som vil satse på desse faga.</p> <p>Musea bør bli tydelegare ansvarlege i strategien om klima, for å gjennomføre ROS-analyser på egne anlegg.</p> <p>Museumsforbundet ynskjer at planen tydeleggjer kva det betyr å tilrettelegge for meir effektiv formidling. Formidling er krevjande, kvaliteten er avgjerande, ikkje berre kvantitet og effektivitet. Kvalitetsmessig god formidling er meir berekraftig. Dette er også viktig med tanke på universell utforming og digital formidling.</p> <p>Museet støttar tilrettelegging for frivillig engasjement, men meiner planen i større grad også bør gjenspegle behovet for profesjonalitet i dokumentasjon, vidareføring og utvikling av nødvendig immateriell kunnskap, fordi dette er noko musea bidreg med.</p> <p>Musea bør nemnast under strategi 2c, små og opne båtar og 3a, styrking av samarbeid med frivillige lag.</p> <p>Museumsforbundet ser at det er ein styrke i planen at musea skal auke sin innsats for å bevare og utvikle kulturmiljø.</p>	<p>Musea er førte opp under aktuelle samarbeidspartar.</p> <p>Fylkesdirektøren er samd i at kvalitet er svært sentralt for formidlinga, og ynskjer gjennom regionalplanen å legge til rette for formidling med kvalitet, men også sjå korleis formidlinga kan bli betre, meir engasjerande og meir effektiv enn det ho er i dag. Universell utforming er vektlagt.</p> <p>Planen legg opp til at frivillige skal ha tilgang til god informasjon og profesjonell hjelp. Krav til faglegheit i dokumentasjon, registrering og bevaring av kulturmiljø er framleis viktig.</p> <p>Endra i planforslaget.</p> <p>Tatt til orientering.</p>

Nr.	Frå	Oppsummert innspel	Vurdering og kommentar
		<p>Museumsforbundet støttar ein felles informasjonskanal for tilskot, rådgjeving, informasjon og prioriteringar, dette kan auke brukarvenlegheita.</p> <p>Museumsforbundet peiker på at musea har oppdatert kunnskap på bygningsarven i musea frå 2019.</p> <p>Digitale kart og tenester gjer informasjon lettare tilgjengeleg. Brukarvenlegheit og universell utforming må vere ein obligatorisk del av dette arbeidet.</p> <p>Museumsforbundet føreslår å greie ut etablering av ein frivilligheitskoordinator og utvikle retningslinjer for arbeid med frivillige.</p> <p>Museumsforbundet føreslår å involvere musea tett dersom det skal bli ei reiselivssatsing knytt til krigshistorie, fordi krigen er eit sensitivt tema og musea har kompetanse på formidling av sensitive tema.</p> <p>Museumsforbundet støttar planretningslinje om å sjå kulturmiljø saman med område som folkehelse, friluftsliv, opplæring, næringsutvikling, reiseliv, matproduksjon, klima og miljø, risiko og sårbarheit og universell utforming.</p> <p>Museumsforbundet tilrår å vurdere Lysebotn kraftstasjon som eit viktig kulturmiljø - som den</p>	<p>Tatt til orientering.</p> <p>Tatt til orientering.</p> <p>Digitale kart og andre tenester skal bli betre i oppfølging av planen.</p> <p>Fylkesdirektøren tek innspel om tilsetting av frivilligheitskoordinator for kulturmiljø til orientering. Fylkeskommunen har allerede rådgjevarar som arbeider med tilskot, utvikling og bevaring, herunder også kontakt med frivillige.</p> <p>Tatt til orientering. Alle reiselivssatsingar bør involvere musea, fordi musea er dei mest sentrale formidlingsarenaene, samt har formidlingskompetanse.</p> <p>Tatt til orientering.</p> <p>Vert teke med i vidare arbeid med kulturmiljø i Sandnes.</p>

Nr.	Frå	Oppsummert innspel	Vurdering og kommentar
		fyrste norske kraftstasjonen som vart bygd inne i fjellet.	
23	Norges Vassdrags- og energidirektorat (NVE)	<p>NVE har gitt høyringsuttale som nasjonal sektormyndigheit innan saksområda flaum-, erosjons- og skredfare, allmenne interesser knytt til vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvaret for vassdrags- og energisektoren sine kulturminne/kulturmiljø.</p> <p>NVE har fagleg råd om at statleg listeførte vassdrags- og energirelaterte kulturminne blir omtala i planen og teke inn i oversikta over kulturmiljø i Rogaland. Dei viser til den freda kraftstasjonen Sauda III som er teken inn i planen, men saknar fleire anlegg. I brevet listar dei opp NVE sine utvalde kulturminne i Rogaland der både kraftverk kraftleidningar, transformatorstasjonar, dammar og vassdragsanlegg er representerte (sjå liste). NVE legg til grunn at dei energi- og vassdragsrelaterte kulturminna får plass i regionalplanen, og har fagleg råd om at det blir teke inn ein omtale av energi- og vassdragsrelaterte kulturminne.</p> <p>NVE er positive til at turistsatsing på krafthistorie og støttar prosjektet «Kraftturisme – opplevingar i det vestnorske kraftlandskap». NVE viser til at Rogaland har fleire energirelaterte kulturminne, og dei er positive til at Rogaland ynskjer å leggja til rette for opplevingar og reiseliv knytta til regionen si viktige rolle i vasskraftutbygginga.</p>	<p>NVE sitt faglege råd vil bli tatt omsyn til i planen.</p> <p>Alle NVE sine omtalte kulturminne har truleg vesentleg regional interesse. I regionalplanen har fylkesdirektøren markert anlegga som utgjer eit større miljø, ikkje einskildminne. Alle NVE sine kulturminne er for øvrig markerte i Askeladden og i Temakart-Rogaland.</p> <p>Tatt til orientering.</p>

Nr.	Frå	Oppsummert innspel	Vurdering og kommentar
		<p>NVE informerer om at det blei starta opp eit prosjekt i 2020 for å revidere utvalet av vassdrags- og energirelaterte kulturminne. Samarbeidspartnarane er Riksantikvaren og fylkeskommunane. Målet er eit oppdatert og samla utval kulturminne som får status som statleg listeførte (verneverdige), og ein oppdatert rettleiar for å følge opp anlegga. NVE eig ikkje dei statleg listeførte anlegga, men er forplikta til å ta vare på kulturminneverdiane til desse anlegga i si sakshandsaming.</p>	<p>Fylkeskommunen bidreg og vil fortsatt bidrege i arbeidet med å revidere utvalet av vassdrags- og energirelaterte kulturminne. Fylkeskommunen har blant anna gjeve innspel om at fleire av anlegga som er omtalte i regionalplan for kulturmiljø kan ha nasjonal interesse, slik som Hellenen i Sokndal, Fotland i Time, Dalen i Strand eller Flørli kraftverk i Sandnes.</p>
24	Norsk foreining for Fartøyvern	<p>Norsk foreining for Fartøyvern er ein landsomfattande interesseorganisasjon for verneverdige fartøy. Det er 27 medlemsfartøy i Rogaland.</p> <p>Fartøyvernet må prioriterast for å oppfylle strategi 1A og 1B. Nasjonale mål om at verna fartøy skulle ha normalt vedlikehaldsnivå innan 2020 er ikkje nådd. Berre 19% av fartøya i bevaringsprogrammet hadde eit ordinært vedlikehaldsnivå per 2020, og 56% har eit betydeleg behov for tiltak og utbetring. Det er eit stort etterslep, som i beste fall er fordyrande og i verste fall fører til tap av kulturminne.</p> <p>Fartøyvern og kystkultur er svært utsette for ver og vind – samt for klimaendringar. Det er ein større utfordring med vedlikehald innan fartøyvernet enn innan bygningsvernet. Området treng økonomisk særbehandling.</p>	<p>Fylkeskommunen gir årleg tilskot til restaurering, men det er framleis stort etterslep. I 2023 er det i Askeladden registrert: 11 fartøy(25%) med ordinært vedlikehaldsbehov(TG1), 10 fartøy(23%) med moderat behov(TG2) og 14 fartøy(32%) med stort behov(TG3). 9 fartøy(20%) er ikkje vurderte.</p> <p>Fylkeskommunen og Riksantikvaren bidreg årleg med store beløp til fartøyvern, der dei statlege midlane utgjør hovudparten. I høve til antal objekt, og samla sett, blir det sett av betydeleg større summar enn til verna og freda bygg og anlegg. Det er likevel eit stort gap mellom behov, søknadssummar og tilgjengelege midlar.</p>

Nr.	Frå	Oppsummert innspel	Vurdering og kommentar
		<p>Økonomiske tilsegner vert ofte gjevne i eit kalenderår og vert ofte ikkje utbetalte før i mars/april. Dette fører til stopp i prosjekta og går utover verkstader og handverkarar. Foreininga ynskjer auke fleirårige midlar for å skape føreseielegheit for alle involverte.</p> <p>Foreininga støttar å stimulere til å bevare tradisjonshandverket, men peiker på at strategien må gjelde heile den immaterielle kulturarven for fartøyvernet, så som historien om menneska rundt fartøya, sjømannskap, råseglskompetanse med meir.</p> <p>Fartøyvernet er tufta på frivilligheit, og det er frivillige sjølv som bestemmer kva fartøy som er verdt å ta vare på. Fylkeskommunen må også fange opp fartøya som ikkje er verna etter antikvariske prinsipp, men som likevel har ein samfunnsmessig status som kulturminne i fylkeskommunen. Det offentlege må sjå den frivillige sektor sin eigenverdi og legge til rette for at grunnlaget for frivilligheita kan oppretthaldast og styrkast. Dette må gjerast gjennom:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Auka tilskotsordningar til fartøyvernprosjekt, samt: - Tilskot til fartøy i drift. Frivillige innteningshøve er ikkje nok til å dekke faste driftskostnader. Når foreiningar ikkje kan dekke driftskostnader går fartøya ut av bruk, frivillige forsvinn og fartøya forfell. 	<p>Vert teke til vurdering.</p> <p>Regionalplanen har særleg peikt på fagkompetanse for restaurering av bygg og fartøy, men fylkeskommunen ser at det kan vere nyttig å utvide omgrepet. Fleire strategiar er endra for å omtale immateriell kulturarv.</p> <p>Tilskot til fartøyvern skal framleis retta seg mot verna eller freda fartøy.</p> <p>Tiltak for kulturvernfrivilligheita, og tilskot til frivillige organisasjonar går breiare ut til alle typar frivillige.</p> <p>Fylkeskommunen auka eige tilskot til fartøyvern i 2022. Fleire kommunar i Rogaland arbeider med å opprette eigne tilskotsordningar.</p> <p>Fylkesdirektøren har foreslått eit eige tiltak om oppretting av ny/nye tilskotsordningar på kulturmiljøfeltet. Korleis desse skal innrettast og kva tiltak dei skal omfatte, vil bli vurdert i oppfølginga av dette tiltaket.</p>

Nr.	Frå	Oppsummert innspel	Vurdering og kommentar
		<ul style="list-style-type: none"> - Offentleg tilskot vil også utløyse anna finansiering, auka engasjement og arbeidsinnsats frå eigarar, frivillige og andre. - Arbeid med rekruttering av vaksne. Det er behov for eit jamt tilsig av vaksne frivillige, og midlar til rekruttering må ikkje berre gjelde rekruttering av barn og unge. Foreininga opplever ein stigande tendens til at midlar til frivillige vert øyremerka til barn og unge. Vaksne er ein ressurs for fartøyvernet, på lik linje med barn og unge som er framtidens fartøyvernarar. I tillegg gir frivillig arbeid også god psykisk og fysisk helse blant vaksne og eldre. <p>God frivilligheitspolitikk gir verdiskaping. Verna og freda fartøy eksisterer ikkje for å ha inntening, dei skal vere til glede for alle i samfunnet og dei bidreg til at folk går ned til hamna for å oppleve fartøya. Dei vert brukte lokalt og bidreg til både miljømessig, kulturell, sosial og økonomisk verdiskaping.</p> <p>Foreininga støtter tiltaket om at verna og freda fartøy skal få gode kaifasilitetar.</p> <p>Fartøyvernet har eit stort potensiale for turistar og besøkande, men ein må hugse at frivillige ikkje er profesjonelle når ein brukar dei i turistsatsing. Ei løysing kan til dømes vere samarbeid med turistnæringa om å leie profesjonelt mannskap eller serveringspersonale etter behov. Men det er</p>	<p>Tatt til orientering.</p> <p>Tatt til orientering.</p> <p>Tatt til orientering.</p> <p>Innspelet vert teke til orientering og med i vidare arbeid med verdiskaping og turisme.</p>

Nr.	Frå	Oppsummert innspel	Vurdering og kommentar
		viktig at dei frivillige får vere med! Foreininga spelar inn dei frivillige som aktuell samarbeidspartnar for tiltaka under strategi 3B.	
25	Norsk fyrforening	<p>Norsk fyrforening (tidlegare fyrhistorisk foreining) representerer mange fyrforvaltarar i Rogaland. Dei peiker på kystleia og at samferdsla på sjø har stor historisk verdi. Foreininga meiner at alle fyra i Rogaland bør markerast i temakart, og brukast i formidling og reiselivssamanheng. Mange av fyra er vanskelege å besøke, og digital formidling er svært nyttig. Fyr er viktige for lokalsamfunnet og fyr har nasjonal og internasjonal betydning.</p>	<p>Fyra er nokre av dei mest særprega kulturminna i Rogaland, og mange fyr har fått ny bruk. Dei fleste ståande fyr av ein viss alder i Rogaland har regional, og også mogleg nasjonal, interesse, og mange av fyra er markerte i oversikta over kulturmiljø av regional interesse. Vurdering av andre fyr og sjømerker vil bli vurdert innunder tiltak som omhandler prioritering av kva kartleggingsprosjekt som skal gjennomførast i åra framover.</p>
26	Norsk oljemuseum	<p>Planforslaget med tilhøyrande dokument verker å vere eit godt og gjennomarbeida grunnlag.</p> <p>Oljemuseet meiner at nyare teknisk-industrielle kulturminne og kulturmiljø kunne blitt sterkare vektlagt i planen.</p> <p>Museet peiker på at olje er meir aktuelt enn nokon gong, energistrategisk og i klimadebatten, diskusjonen rundt tema aukar industriminna sin fleirtydelegheit.</p> <p>Oljemuseet har tidlegare føreslått Hinna/Jåttåvågen som kulturmiljø, men tar til etterretning av det ikkje er med. Oljemuseet støtter museumsforbundet sitt ynskje om å inkludere einskildminne.</p>	<p>Tatt til orientering.</p> <p>Tatt til orientering.</p> <p>Fylkeskommunen har vurdert Hinna/Jåttåvågen, men har i utgangspunktet sett at det er vanskeleg å markere eit heilskapleg miljø. Det har skjedd store endringar her dei seinaste åra med moderne utbygging, og oljekulturminne står einskildvis igjen.</p>

Nr.	Frå	Oppsummert innspel	Vurdering og kommentar
		<p>Oljemuseet framhevar nokre av dei viktigaste industri-/kulturminna frå oljealderen:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Skråtårnet i Jåttåvågen - Norsk oljemuseum - Statoil/Equinors hovudkontor - Oljeberget/Slåtthaug - Ullrigg test center <p>Uavhengig av ståstad i klimadebatten, har olja vore med på å forme Rogaland. Framtida vil vise på kva måte overgangen til ein breiare energitilgang vil ha av strukturelle fellestrekk med tidlegare omstillingar i fylket si industrihistorie. I mellomtida bør me gjere det me kan for å bevare oljehistoria sine industri- og kulturminne/kulturmiljø.</p>	<p>Vert teke med i vidare planarbeid, hausten 2023.</p>
27	Randaberg kommune	<p>Kommuneplanutvalet i Randaberg fatta i møte 23.02.2023 følgjande vedtak: <i>Randaberg kommune gir ros til fylkeskommunen for en god og inkluderende prosess og et gjennomarbeidet planforslag. Kommunen har følgende innspill til foreliggende utkast:</i></p> <ol style="list-style-type: none"> 1. <i>Det er positivt at det legges vekt på støtteordninger og rådgivningstjenester for private eiere av kulturminner. Begge deler bør legges opp som lavterskeltilbud, slik at også private eiere uten noe faglig bakgrunn kan få nytte av dem.</i> 2. <i>Det er også positivt at det legges vekt på samordning av regionale planer, spesielt de</i> 	<p>Tatt til orientering.</p> <p>Støtteordningar og rådgjeving skal vere lavterskeltilbod, og bidra til å senke terskelen for å ta vare på eige kulturminne på ein god måte.</p> <p>Potensielle mål- og retningslinjekonfliktar vil bli avklarte frå sak til sak, for å finne løysingar som ivaretar fleire omsyn.</p>

Nr.	Frå	Oppsummert innspel	Vurdering og kommentar
		<p><i>som kan ha et potensiale for avvikende målsettinger når det gjelder fortetting og klimatilpasning.</i></p> <p><i>3. Kommunedirektøren ber om at Fylkeskommunen foretar en vurdering av mulige virkninger planen vil ha for landbruket, og se på om retningslinjene i kap. 8.1, tema 4 kan omformuleres, og muligens differensieres og presiseres, slik at den setter mindre hindringer for landbruksnæringen.</i></p> <p><i>4. Kommunedirektøren ber om at det presiseres at detaljregulering av maritimt vitensenter ved Tungevågen, planID 2010004, anses å være i tråd med regionalplanen.</i></p> <p>Randaberg kommune har i tillegg ei rekke administrative innspel</p>	<p>Fylkeskommunen har gått gjennom og justert retningslinjene, med tanke på å tydeleggjere oppfølging av «kulturmiljø av regional interesse» og landskapsomsyn(tema 4)</p> <p>Skildringa til Tungevågen/Tungeneset/-Håbakken er endra og informasjon om detaljreguleringa er skrevet inn.</p> <p>Administrative innspel til nummerering, form og andre praktiske innspel er følgde opp.</p>
28	<p>Regionmusea i Rogaland – Felles uttale frå</p> <ul style="list-style-type: none"> - Dalane folkemuseum - Jærmuseet - Museum Stavanger - Haugalandmuseet - Ryfylkemuseet 	<p>Musea meiner det er gledeleg at planen har eit heilskapleg fokus med både materiell og immateriell kulturarv vektlagt.</p> <p>Planen har mål om samarbeid og samordning mellom aktørane på kulturarvfeltet.</p> <p>Musea meiner at planen kunne ha vunne på ei sterkare involvering av musea, særleg i arbeidet med handlingsprogram og oversikt over kulturmiljø.</p> <p>Musea viser til økonomi som ei utfordring. For musea er det ressursane som manglar for ivaretaking av eigne kulturminne, ikkje kompetansen.</p>	<p>Tatt til orientering.</p> <p>Musea har vore del av prosjektgruppa, samt at planen har vore presentert på fleire museumssamlingar. Fylkesdirektøren tek til etterretning innspel om sterkare involvering av musea.</p> <p>Økonomi er presisert som ein som ei utfordring i planforslaget, då dette ikkje kom tydeleg fram i høyringsutkastet.</p>

Nr.	Frå	Oppsummert innspel	Vurdering og kommentar
		<p>Musea meiner at oversikta over kulturmiljø er eit godt verktøy, men at planen kan styrkast ved å inkludera fleire kulturmiljø.</p> <p>Museet peiker blant anna på Haugalandmuseet sin kunnskap om - og kompetanse på - det båtreisande romanifolket. Ofte er romanifolket sine kulturminne i større grad immaterielle - kjende gjennom historie og stadnamn.</p> <p>Museet meiner også at regionalplan for kulturmiljø bør inkludere den immaterielle delen.</p> <p>Dei delane av bygningssamlingane til musea med regional verdi bør med i oversikta over kulturmiljø. Musea forvaltar til saman 256 kulturhistoriske bygg, som speglar byggeskikken i kvar sin region.</p> <p>Musea har spelt inn følgande museale kulturmiljø:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Håland i Suldal - Stampa på Kvæstad i Suldal - Kvernhusnalegg på Fuglestad i Hå - Arbeiderbustad i Gamleveien 33 i Eigersund - Solhåla på Karmøy - Røykstove og eldre gardsus samt kvern på Laupland på Bokn - Museumsgarden på Ørpetveit i Haugesund - Derikhuset på Karmøy 	<p>Tatt til orientering.</p> <p>Haugalandmuseet planlegg å registrera kulturminne frå romanifolket i Askeladden. Slik vil oversikta vere godt tilgjengeleg for kommunar og andre aktørar.</p> <p>Regionalplanen er endra slik at immateriell kulturarv er større del av planen, sjå merknad til Hjelmeland kommune.</p> <p>Fylkesdirektøren vil vurdere å innlemme anlegga i oversikta ved rullering.</p> <p>Gamleveien 33 i Eigersund og Solhåla på Karmøy er allereie del av kulturmiljø av regional interesse.</p>

Nr.	Frå	Oppsummert innspel	Vurdering og kommentar
		<p>Musea spør om kor godt verktøy <i>Ei kulturhistorie for Rogaland</i> er for vidare forvaltning og planlegging. Blant anna:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Byggeskikk er berre via ei halv side i artikkelen, men byggeskikk er eit sentralt tema som ein bør gje enda større plass. - Representasjon: Inntrykket er at me manglar vår nære tid. Til dømes saknar musea fokus på sirkelsager, som framleis er i bruk, ikkje einsidig omtale av oppgangssager. - Teksten gir ein introduksjon til ulike tema, men går ikkje djupt eller breitt nok til å fungera godt som kunnskapsgrunnlag i kulturmiljøsaker. Museet tilrår å legge inn kjelder til kvar ein kan finne meir informasjon. <p>Mål og strategiar i planen er godt forankra i overordna planar og lovverk.</p> <p>Det er i handlingsprogrammet det er tydelegast kva for samarbeid planen legg opp til.</p> <p>Musea stiller spørsmål ved om handlingsprogrammet er realistisk, fordi det er svært ambisiøst.</p> <p>Musea ber fylkeskommunen vurdere om handlingsprogrammet kan få lenger tidshorisont, og at tidsplanen blir revurdert. Det er vanskeleg for musea å bli med på tiltak som startar i år, fordi musea alt har lagt sine planar.</p> <p>Musea ynskjer at det skal vere tydelegare under kvart tiltak om kva rolle fylkeskommunen skal ha,</p>	<p>Det er alltid ei utfordring å skrive dekkande og kort i ein framstilling som <i>ei kulturhistorie for Rogaland</i>.</p> <p>Byggeskikk og nyare tid kan begge med fordel få ei breiare framstilling. Enten som del av artikkelen eller som nye/andre dokument. Fylkesdirektøren har lagt inn eit tiltak om å skrive ein arktekturhistorie, etter innspel frå Stavanger arkitektforening.</p> <p>Byggeskikk er ein viktig del av det.</p> <p>Fylkesdirektøren tar innspela til orientering og vil vurdere å bygge ut teksten med kjelder og lenker til meir informasjon ved revisjon.</p> <p>Tatt til orientering.</p> <p>Fylkeskommunen har revidert både tidshorisont og ansvar i handlingsprogrammet. Fleire prosjekt er flytta lenger ut i tid, medan andre er framskunda.</p> <p>I utgangspunktet er fylkeskommunen aktiv part i alle tiltaka der det står at fylkeskommunen har hovudansvar.</p>

Nr.	Frå	Oppsummert innspel	Vurdering og kommentar
		<p>koordinator, gjennomføre tiltak sjølv, eller berre delta med finansiering. Dette kan avklarast i handlingsprogrammet eller ved oppstart av prosjekta.</p> <p>Musea går i uttalen gjennom fleire tiltak som musea kan ha ei rolle i. både som medarrangør, kursarena eller tiltak der musea har kunnskap og kompetanse.</p> <p>Musea gler seg over satsing på bygningsvernrådsgjevarar. Musea ynskjer at det skal stå tydeleg i plandokumentet at ansvaret for rådgjevingstenesta skal ligge til regionmusea. Musea peiker på at det ikkje er sett av nok midlar til pilotprosjektet til å dekke to heile stillingar. Musea tilrår også at ein jobbar for ein modell med rådgjevingstenester ved alle regionmusea.</p>	<p>I tillegg kan fylkeskommunen bidra som samarbeidspartnar og støttespelar for tiltak som musea, kommunane eller andre aktørar set i verk på eige initiativ for å følgje opp strategiane i regionalplan for kulturmiljø.</p> <p>Innspela er i tråd med framlagt plan, og er tekne til orientering. I satsinga på bygningsvern vil fylkeskommunen hausta erfaringar frå pilotprosjektet før avgjerd om vidare satsing og utviding. Midlane som er sett av til prosjektet vil vera fylkeskommunen sitt bidrag. Evaluering av pilotprosjektet vil inkludera vurdering av behov for omfang og finansiering vidare, herunder og bidrag frå kommunar og andre.</p>
29	Rogaland Bondelag	<p>Rogaland bondelag påpeiker at bøndene utgjer den største gruppa grunneigarar som eig kulturmiljø. Dei meiner at grunneigarar må informerast når deira eigedom vert kartlagt eller vurdert i kulturmiljøsamaheng. Dei understrek vidare at det for Rogaland Bondelag er svært viktig at planen presiserer at den ikkje skal føre til nye innskrenkingar på bruk og utvikling av bonden sin eigedom.</p> <p>Om planen sin visjon meiner Bondelaget at det er viktig å verdsette kulturmiljøet som ein ressurs, men at det må vere samspel med dei andre ressursane som er knytta til areala.</p>	<p>Bøndene si rolle med å ivareta kulturminne og kulturlandskap er utvilsamt særst viktig.</p> <p>Regionalplan for kulturmiljø er ein overordna plan, og det er ikkje gjennomført grunneigarmedverking. Sjå elles kommentar til uttale frå Klepp kommune. Verdiane i miljøa er i stor grad kjent, og markering i kartet skal bidra til meir føreseielegheit og betre forvaltning.</p> <p>Tatt til orientering.</p>

Nr.	Frå	Oppsummert innspel	Vurdering og kommentar
		<p>Rogaland Bondelag støttar Strategi 1A og 1B.</p> <p>Rogaland Bondelag meiner det må presiserast tydeleg – og fleire gonger - at oversikta over kulturmiljø ikkje skal vere juridisk bindande med omsyn til arealbruk, og at markeringane ikkje representerer omsynssonar. Dei skriv vidare at det er viktig at det ikkje vert gjort ytterlegare innstrammingar i omsynssonar, og liknande som råkar jordbruksdrifta.</p> <p>Støtteordningar til verneverdige bygningar, UKL, SMIL og RMP må styrkast, og gje nok støtte til å løyse utfordringar.</p> <p>Det bør finnast tilgjengelege støtteordningar som kan vere med å lette kostnader ved naudsynte arkeologisk utgravningar ved t.d. bygging av nye driftsbygningar.</p> <p>Rogaland Bondelag peiker på at vedlikehald av kulturlandskap er viktig, men også avhengig av høve til å drive jordbruk i tråd med moderne vilkår. Planen må ikkje vere i vegen for utviklinga i jordbruket. Vidare peiker dei på at vern av gamle bygg ikkje må kome i konflikt med jordvern og høve til å rive/bygge om gamle driftsbygningar etter behov.</p> <p>Til planretningslinjer, tema 4, støttar Rogaland Bondelag at fortsett landbruksdrift er viktig for å ivareta karakteren, men dei meiner også at ein må</p>	<p>Sjølv om kulturmiljøa ikkje er omsynssonar, ligg det i verdivurderinga eit vern/omsyn som kan få konsekvensar for framtidig sakshandsaming i landbruks- og byggesaker. Ein vil i alle saker søke å kome fram til eit resultat som både ivaretek omsynet til kulturmiljø/landskap og landbruksdrifta.</p> <p>Tatt til orientering.</p> <p>Det er i dag mogleg å søke om støtte til arkeologisk utgraving dersom utgiftene blir utilbørleg tyngande. Vedtak om utgifter til arkeologiske utgravningar er det i dag Riksantikvaren som gjer. Det er starta opp eit arbeid med ny kulturmiljølov, og spørsmålet om kostnadsdekning av arkeologiske undersøkingar høyrer til der.</p> <p>Innspela er tatt til orientering.</p> <p>Planretningslinjene tema 4 er endra etter høyringa, for å betre få fram kva som er viktig å ivareta i landskapet og at skjøtsel og drift er viktig.</p>

Nr.	Frå	Oppsummert innspel	Vurdering og kommentar
		<p>vere førebudd på utfordringar når større byggetiltak skal vere tilpassa landskapet.</p>	
30	Rogaland fylkeskystlag	<p>Fylkeskystlaget vil - som fylkesorgan - gi innspel til generelle forhold. Kystlaga er tufta på frivillig innsats og dugnad.</p> <p>Dei tilrår at dei einskilde kystkommunane si eiga planlegging legg til rette for veteranbåthamner utan leigekostnad, og at verneverdige autentiske sjøhus får fritak frå eigedomsskatt. Dei ber også om at det kan gjerast innvendige tiltak i sjøbuer slik at desse kan vernast gjennom bruk.</p> <p>Laget oppmodar til at ein prioriterer vatnet som samferdsle-åre med uthamner, fyr, forhalingsmerke og fortøyningspålar o.a. Desse bør visast digitalt.</p> <p>Ynskjer også at dei <i>eldre</i> i frivilligheita skal prioriterast. Ei einssidig satsing på barn og unge blir feil når historia skal gå frå generasjon til generasjon.</p>	<p>Tatt til orientering.</p> <p>Veteranbåthamner utan leigekostnader og fritak frå eigedomsskatt må avgjerast av dei einskilde kommunane.</p> <p>Tatt til orientering.</p> <p>Regionalplanen legg vekt på engasjement, og at alle skal kunne engasjere seg for kulturmiljø. Då er alle aldrar viktige.</p>
31	Rutebilhistorisk foreining avdeling Haugaland	<p>Rutebilhistorisk foreining avdeling Haugaland er ei lokalavdeling av Rutebilhistorisk foreining. Dei dokumentar og formidlar lokal samferdslehistorie, og restaurerer og brukar veteranbussar som rullande kulturminne.</p> <p>Foreininga samarbeider med andre kulturaktørar og museum.</p> <p>Rutebilhistorisk foreining, samt tilknytta foreiningar på Karmøy og i Vindafjord, har også lokale i nokre eldre verkstader, som både blir</p>	<p>Tatt til orientering.</p> <p>Rutebussar, veteranbilar og andre rullande kulturminne er ein viktig del av den felles kulturarven vår. Til skilnad frå faste kulturminne og flytande fartøy er ikkje desse kulturminna dekte av vern gjennom kulturminnelova eller plan- og bygningslova. Bevaring skjer difor gjennom frivillig engasjement, samt at staten har økonomiske verkemiddel gjennom kulturminnefondet. I regionalplan for kulturmiljø blir denne type rullande kulturminne særleg naturleg del av strategi for frivillig engasjement,</p>

Nr.	Frå	Oppsummert innspel	Vurdering og kommentar
		<p>ivaretekne som kulturminne og brukte til verkstad og garasje.</p> <p>Foreininga ynskjer større merksemd om rutebilhistorie og rullande kulturminne i planen. Blant anna i <i>Ei kulturhistorie for Rogaland</i>. Foreininga peiker på den omfattande historia til rutebilen på Haugalandet. Dei peiker på handverket som var nødvendig for å ombygge og bygge rutebilar, frå vognmakerar, grovsmedar, møbelsnekkarar og andre. Det var fleire lokale i Rogaland som dreiv med karosseribygging.</p> <p>Foreininga er i stand til å formidle ein viktig del av samferdslehistoria på veg, og kva betydning dette har hatt for utvikling i byane og distrikta. Dei fleste har eit forhold til ein rute- eller turbuss.</p> <p>Foreininga ynskjer at regionalplanens visjon skal bety at me kan samarbeide framover.</p> <p>Foreininga ynskjer å få vurdert ei støtteordning på drift også til andre aktivitetar. Inkludert gode rammer for bevaring, lagringsplass, og andre ytre rammer for frivilligheita.</p> <p>Foreininga viser den gode balansen i å bevare og formidle, og å kombinere det å vere lokal, nær og engasjert, for igjen å engasjere andre.</p>	<p>formidling, samt for å kople historie og kulturminne saman i stadutvikling, reiseliv eller formidling.</p> <p><i>Ei kulturhistorie for Rogaland</i> er oppdatert med meir informasjon om rutebilhistorie.</p> <p>Fleire av formuleringane i planen er oppdaterte slik at både rullande og flytande kulturminne passar betre inn.</p> <p>Både fartøyvernforeininga og Rutebilhistorisk foreining har ynskje om driftstilskot. Driftstilskot må vurderast opp mot ei rekke andre tiltak som og krev midlar. Faste driftstilskot gjev føreseielegheit for foreiningane, samstundes bind det opp midlar og gjev i mindre grad handlingsrom for å prioritera andre tiltak. Fylkesdirektøren har ikkje foreslått eiga fast driftsstøtte på dette feltet. Fylkeskommunen har ei ordning for frivillige organisasjonar som kan søke årleg støtte gjennom tilskot til «<i>Regionale frivillige organisasjonar innan kulturfeltet i Rogaland</i>»</p>

Nr.	Frå	Oppsummert innspel	Vurdering og kommentar
32	Ryfylke friluftsråd	<p>Ryfylke friluftsråd er eit kommunalt oppgåvefelleskap for kommunane i Ryfylke. Dei arbeider med friluftsliv, blant anna gjennom formidling av naturverdiar og kulturminne. Rådet synes det er flott at det er blitt laga eit handlingsprogram.</p> <p>Friluftsrådet ynskjer å fremje forståing for naturmiljø og kulturarv gjennom tilrettelegging og informasjon.</p> <p>Friluftsrådet ynskjer å vere ein samarbeidspartnar i gjennomføringa av handlingsprogrammet, og peiker på at det er viktig å prioritere handlingsprogrammet i budsjettet til fylkeskommunen. Både når det gjeld kompetanse-, investerings- og driftsmidlar.</p>	<p>Innspela er tatt til orientering.</p> <p>Friluftsråda er ein viktig aktør for å bevare og formidle kulturmiljø i landskapet, og vil vere ein god samarbeidspartnar for fylkeskommunen og kommunane i oppfølginga av planen.</p>
33	Sauda kommune	<p>Sauda kommune behandla innspel til høyring av Regionalplan for kulturmiljø i utval for samfunnsutvikling den 14.03.2023.</p> <p>I <i>Vurdering og konklusjon</i> går det fram at regionalplanen vil bli eit viktig styringsverktøy for kommunen i arbeid som omhandlar kulturmiljø. Høyringsutkastet er oversiktleg, tydeleg og gir mål og strategiar som kommunen støttar og arbeider mot å nå.</p> <p>Kommunen har i dag føresegner i kommuneplanen som ivaretek kulturmiljø av regional interesse. Dei skulle ønske at planen også omhandla lokalt viktige kulturminne, då desse i mindre grad er kartlagde</p>	<p>Tatt til orientering.</p> <p>Lokale interesser og kartlegging av desse er i hovudsak eit kommunalt ansvar, men fylkeskommunen kan bidra til å auke lokal kompetanse og bidra med rådgjeving i</p>

Nr.	Frå	Oppsummert innspel	Vurdering og kommentar
		<p>og dokumenterte. Kommunen tenkjer då særleg på saksbehandling av nye tiltak som vil kunna påverka kulturmiljø av lokal interesse.</p> <p>Kommunen viser til at regionalplanen sine mål og strategiar vil støtte opp om mål og strategiar i Samfunnsdelen til kommuneplanen. Kommunen er einig i regionalplanen si retningslinje tema 3 om berekraftig stadutvikling, og har som mål å gjennomføre ein kulturhistorisk stadanalyse (DIVE) for Sauda sentrum.</p> <p>Sauda kommune saknar tydelegare omtale av stølsmiljø, som er ein viktig del av kommunen og Rogaland si historie. Dei ynskjer ei tydelegare målsetjing og strategi på «vern gjennom bruk», og meiner det er viktig med føringar for stølsområde som er i bruk for å bevare miljøa, utan at det er til hinder for utvikling av områda i tråd med dagens behov. Det er også ynskjeleg å sjå stølsbruk i ein større samanheng med kulturlandskap og landskap.</p> <p>Kommunen (og Sauda vekst AS) er svært kritisk til å legge inn Sauda smelteverk inn som eit regionalt kulturmiljø som vil leggje restriksjonar på den vidare utviklinga av industrien. Kommunen er einig i at det vil være nyttig med ei kartlegging som peiker på dei viktigaste bygningane og strukturane, men dette må ikkje føre til hinder for vidare utvikling av området. Det er positivt at handlingsprogrammet til regionalplanen har fokus</p>	<p>kulturminneplanprosessar. Kompetanseheving og rådgjeving er prioriterte tiltak i oppfølginga av planen.</p> <p>Tatt til orientering.</p> <p>Fylkesdirektøren har lagt til eit nytt tiltak om å kartlegge kulturminne i hei-, fjell og dal, inkludert stølar.</p> <p>Ei markering av Sauda smelteverk betyr ikkje at heile Sauda smelteverk er - eller skal bli - underlagt vernereglar. Fylkeskommunen er einig med kommunen i at ei kartlegging er nyttig for å få klart kva som kan vere viktig å ta vare på i miljøet. Det er difor området er markert slik det er i regionalplan for kulturmiljø.</p> <p>Grunneigarar har ikkje vore involvert i planprosessen, fordi ein regionalplan ligg på eit høgare nivå, og ikkje legg direkte føringar for arealbruk, slik som i kommuneplanen. <i>Regionalplan for grøn</i></p>

Nr.	Frå	Oppsummert innspel	Vurdering og kommentar
		<p>på å styrke kunnskapsgrunnlaget til kommunane og andre aktørar. Auka kunnskap vil gje betre føresetnader for å kunne dokumentere dagens kulturmiljø utan at det treng å vere til hinder for utvikling av morgondagens kulturmiljø. Kommunen viser elles til Sauda som prioritert energiknutepunkt i <i>Regionalplan grøn industri</i>.</p> <p>Når det gjeld Hellandsbygd og Nesøyra er det viktig at nye restriksjonar ikkje er til hinder for framtidig utvikling av landbruk og industri. Området rundt gravplassen og den gamle husmannsplassen (Nedbøen) i Hellandsbygd bør også bli tekne med.</p>	<p><i>industri</i> og <i>Regionalplan for kulturmiljø</i> heng saman, og området kan vere både eit kulturmiljø og eit energiknutepunkt. Etter høyringa har fylkesdirektøren hatt eit møte med dei berørte partar, der ein vart einige om å endre skildringa til kulturmiljøet for å tydeleggjere intensjonane. Ny tekst har vore til gjennomlesing hjå dei berørte partar og Sauda kommune har kome med merknader til ny tekst og desse er følgd opp.</p> <p>Tatt til orientering. Fylkeskommunen vurderer at planen ikkje vil vera til hinder for framtidig utvikling på Hellandsbygd og Nesøyra. Vi har vurdert å utvide kulturmiljøet Hellandsbygd, men Nedbøen og kirkegården ligg eit stykke unna resten av miljøet, og fylkesdirektøren er usikker på om Nedbøen og gravplassen har vesentleg regional interesse.</p>
34	Sandnes kommune	<p>Følgande vedtak blei fatta i Formannskapet 20.02.23, og i kommunestyret 06.03.23;</p> <p><i>- Oversikt over kulturmiljø av regional verdi for Sandnes var ikke ferdigstilt til høringen. Kommunen har behov for å bli presentert for omfanget av kulturmiljø av regional verdi i Sandnes for å kunne vurdere virkningen av planretningslinjene for arealplanleggingen i Sandnes. Når oversikten for Sandnes er ferdigstilt forventes det at Rogaland fylkeskommune vil sende ut en ny politisk sak på høring. Sandnes kommune vil avvende denne høringen før det gis uttalelse til planretningslinjene for regional kulturmiljøplan.</i></p> <p><i>- Regionalplanen skal ikke i seg selv kunne danne grunnlag for innsigelser på kommunens vedtak.</i></p>	<p>Tatt til orientering.</p> <p>Oversikta over kulturmiljø er ikkje fullført for Sandnes kommune. Når oversikta er klar, vil ho bli sendt på ny høyring til kommunen. Planretningslinjene er ein annan del av planen, og desse vil bli vedtekne som del av plandokumentet. Desse vil i utgangspunktet ikkje bli sende på ny høyring og revidert i planperioden.</p> <p>I tråd med motsegnrundskrivet frå Klima- og miljødepartementet skal fylkeskommunen vurdere motsegn når planforslag er i konflikt med kulturmiljø som kan ha vesentleg regional verdi.</p>

Nr.	Frå	Oppsummert innspel	Vurdering og kommentar
		<p><i>- Sentrale regionale og dels nasjonale fortellinger som har ankerfeste i Sandnes sitt viktige kulturmiljø, bør innarbeides i "En kulturhistorie for Rogaland" (se også eget vedlegg som utdyper og begrunner datert 07.02.2023):</i></p> <ul style="list-style-type: none"> <i>- Jan Adolph Buddes (1811-1906) betydning som landbruksreformator. Var navet for "Det store hamskiftet" i Rogaland. Har æren for oppstarten av plogeventyret på Jæren.</i> <i>- Skogsaken med statens institusjoner i Sandnes. Løsninger for å gjenopprette den tapte skogen i Norge (Statens planteskole 1867-1932, Høylandskomplekset 1873-2023).</i> <i>- Sandved Havebrugsskole (1896-1927). Grunnlag for at Rogaland er et av de største fylkene i grønnsakdyrking.</i> <i>- Jonas Øglænd AS. Industrihistorisk storskala. Stor bredde i virksomheten. Firmaets regionale og nasjonale betydning gjennom store deler av 1900-tallet.</i> <i>- G. Block Watnes AS brakte ferdighusindustrien til nasjonal storskala. Stort omfang og betydning gjennom store deler av 1900-tallet. Har satt preg på norsk byggeskikk.</i> <p><i>I tillegg bør nevnes</i></p> <ul style="list-style-type: none"> <i>- Vagleleiren og Sandnes sin regionale rolle i den kalde krigen.</i> 	<p>Regionalplan for kulturmiljø bidreg til å klargjere og tydeleggjere kva som er vesentleg regionale interesser i Rogaland Eventuelle motsegner må vurderast og grunnjevast på bakgrunn av regionalplanens mål og føringar, planretningslinjer, kulturmiljøverdiane og opp mot det konkrete tiltaket.</p> <p>Rogaland fylkeskommune har gjort fleire endringar i <i>Ei kulturhistorie for Rogaland</i> for å nemne fleire delar av Sandnes si historie som heng saman med den regionale forteljninga.</p>

Nr.	Frå	Oppsummert innspel	Vurdering og kommentar
		<p>Kommunedirektøren har i tillegg fleire vurderingar og kommentarar i saksframlegg og vedlegg. Den samanhengande kulturhistoria i regionalplanen blir trekt fram som eit godt grep, både for å styrke regional identitet, men også for å gi ei felles forståing i val av kulturminne med regional verdi.</p> <p>Regionalplanen treff godt når det gjeld å møte dei regionale og lokale utfordringane og moglegheitene. Visjon, mål, strategiar, tiltak og handlingsprogram i regionalplanen utfyller og bygger opp under den lokale kulturminnepolitikken i Sandnes.</p>	<p>Tatt til orientering.</p> <p>Tatt til orientering.</p>
35	Sokndal kommune	<p>Sokndal kommune har behandla høyringsinnspel til regionalplanen i levekårsutvalet, hovudutval for landbruk, teknikk og miljø, samt formannskapet. Det vart gjort følgjande vedtak i saka:</p> <p><i>Regionalplan kulturmiljø tiltredes med følgende presiseringer:</i></p> <p>1. Det er behov for større lokal kunnskap og veiledningsmulighet til innbyggere og aktører som har verneverdige bygninger. Det anses svært positivt at fylkeskommunen vil satse på å øke den lokale kompetansen gjennom en egen rådgivningstjeneste innen bygningsvern.</p> <p>2. Det må i tillegg til en bygningvernrådgivningstjeneste ses på muligheten for å organisere en regionantikvar for Dalane som kan drive forvaltningen av kulturmiljø i ønsket retning.</p>	<p>Tatt til orientering.</p> <p>I tråd med framlagt plan.</p> <p>Dalanekommunane har tidligere samarbeidd om ein regionantikvar for Dalane. Sjå elles kommentar til same innspel frå Eigersund kommune.</p> <p>Tatt til orientering.</p>

Nr.	Frå	Oppsummert innspel	Vurdering og kommentar
		<p>3. Økt kapasitet på økonomiske insentiver og vidare arbeid for å utdanne håndverkere med riktig kompetanse anses som viktige prioriteringar i handlingsprogrammet.</p> <p>4. Det følger gode skildringer av kulturmiljøene som er nevnt i planen, der det fremheves hvorfor de enkelte kulturmiljø er viktige, og kva slags utfordringer som finnes. Det er positivt at dette videreføres til kartløsningen slik at informasjonen enklere kan formidles flere.</p> <p>5 I kartoversikten gjøres følgende endringer:</p> <ul style="list-style-type: none"> a. Det ses på mulighet for å innlemme blant annet Rekefabrikken, deler av Immersteinfjellet, og andre viktige områder for kystkulturmiljøet etter fisket i kulturmiljøområdet Rekefjord Øst. b. Området rundt Eik Prestegård bør utvides slik at også hageareal og kantsone mot Sokna blir med c. Kulturmiljøområdet Storgangen på Sandbekk bør utvides for å blant annet få med sandtak og treplantingsarealer. d. Hele Blåfjellbanen må innlemmes i kulturmiljøområdet Blåfjell. e. Ideelt burde kulturmiljøområdet rundt Hellen i Jøssingfjord vært utvidet, men dette er dekket i Kula så vi anser det ivaretatt. f. Kulturmiljøet Laksedal med id 252 er registrert i Lund kommune, men dette hører til Sokndal kommune 	<p>Alle kulturmiljøa er markert digitalt i Temakart-Rogaland.</p> <p>Fylkeskommunen har vurdert og gjennomført endringar i oversikt over kulturmiljø i dialog med Sokndal kommune.</p> <ul style="list-style-type: none"> a. Utviding av Rekefjord til eit større område inkluderer fleire eigedommar og eit stort område. I tillegg er det kome andre innspel om utviding av Rekefjord øst. Utviding vil bli vurdert hausten 2023. b. gjennomført i tråd med innspel c. Utviding av Sandbekk er geografisk stort, men omfattar andre deler av same gruveområde, og er difor vurdert som ein mindre vesentleg endring og er gjennomført i tråd med innspel. d. Gjennomført i tråd med innspel, utvida me heile banetraseen, som er ein viktig tursti. e. tatt til orientering. f. Endra i tråd med innspel.

Nr.	Frå	Oppsummert innspel	Vurdering og kommentar
		<p><i>g. Lille Presteskjær fyr, Teineberget og krigsminner i Nordfjord bør være et kulturmiljøområde.</i></p> <p><i>h. Rossland som inkluderer fornminner frå jernalderen – Rosslandsguden , alter – Hustufter - Gravrøyser - Pinkesteinen</i></p> <p><i>6. Eigedom 55/81 tas ut av Regionalplan for kulturmiljø.</i></p>	<p>g. Nytt miljø som skal bli vurdert hausten 2023.</p> <p>H. nytt miljø som skal bli vurdert hausten 2023, sjå elles kommentar til Dalane folkemuseum.</p> <p>6. Størsteparten av eigedommen er tatt ut av kulturmiljøet «Hauge sentrum», men ein mindre del er framleis med for å sikre samanhengen innad i miljøet.</p>
36	Sola kommune	<p>Sola kommune behandla <i>Høyrings svar til regional kulturmiljøplan for Rogaland</i> i kommunestyret 23.02 23 (16/2023 Vedtak);</p> <p><i>Sola kommune har ingen kommentarar til planen utover at vi ønsker planen velkommen, og at den er både grundig og god.</i></p> <p>Kommunedirektøren viser i saksframlegget til at alle dei 14 kulturmiljøa i Sola allereie er med i kommunen sin kommunedelplan for kulturminne, og at kommunedelplanen har sørge for at deira planverk er i samsvar med det som regionalplanen legg opp til av forventingar og føringar.</p> <p>Kommunedirektøren ser på regionalplanen som eit godt regionalt verktøy som sikrar ei mest mogleg lik behandling av kulturarv og kulturmiljø i heile fylket.</p>	<p>Tatt til orientering.</p> <p>Alle 14 miljø er utarbeidd med grunnlag i kulturminneplan for Sola, med visse justeringar, blant anna på Gamle Tananger og rundt Sola ruinkirke.</p> <p>Desse endringane er gjort for å betre få fram heilskaplege kulturmiljø, vesentlege regional interesser, og for ikkje å ha med delar som er vurdert til å ikkje vere av betydning for kulturmiljøa.</p>
37	Statens vegvesen	<p>Statens vegvesen viser til innspelet som er gjeve til høyring av planprogrammet, og som særleg retta seg mot kulturminne knytta til samferdsle.</p>	<p>Vegminne er omtalte i <i>Ei kulturhistorie for Rogaland</i>, og er ein naturleg del av fleire av strategiane i planen.</p>

Nr.	Frå	Oppsummert innspel	Vurdering og kommentar
		Statens vegvesen har ingen særlege merknader utover dette.	
38	Stavanger arkitektforening	<p>Stavanger Arkitektforening set pris på at dei vart involvert i arbeidet, og meiner arbeidet med regionalplanen er viktig.</p> <p>Fylkeskommunen og arkitektforeninga hadde ein verkstad om kulturmiljøplanen 16.02.23, der fleire av punkta under vart tekne opp.</p> <p>Fylke og kommunar må vidareutvikle rådgjevingsteneste til arkitektar, handverkarar og byggherrar. Her trengs det stadig kunnskap, kompetanseheving og rettleiarar.</p> <p>Fylkeskommunen må saman med kommunane vidareutvikle myndigheitsrolla i plan-, byggesak- og kulturmiljøforvaltninga på ein måte som skapar dialog og føreseielegheit i arkitektar sitt arbeid. Til dømes utøving av skjønn, kontinuitet i sakshandsaming, krav til tilstandsrapportar eller tekniske spørsmål.</p> <p>Fylkeskommunen bør saman med andre regionale og nasjonale myndigheiter greie ut om behovet for ein «tiltaksklasse» for prosjektering i vernesaker som sikrar at dei som arbeider i slike prosjekt har naudsynt kunnskap og kompetanse til å sikre at verdiane blir bevarte. Tilsvarende krav må det offentlege legge for eigne anskaffingar.</p> <p>Fylkeskommunen må som ansvarleg for vidaregåande utdanning legge til rette for nye</p>	<p>Tatt til orientering.</p> <p>Rådgjeving og kompetanseheving er ein sentral del av planen.</p> <p>Gode prosessar og samarbeid på tvers er avgjerande for å bevare verna og freda bygg. Fylkeskommunen skal arbeide for samordning og utvikling av sakshandsaminga til fylkeskommune og kommunane.</p> <p>Det er behov for ein god måte å dokumentere kompetanse i vernesaker, og ein formell tiltaksklasse kan vere eit godt verktøy. Fylkeskommunen skal ta dette opp med Riksantikvaren og nasjonale myndigheiter.</p> <p>Det finst fleire slike utdanningar andre stader i landet, men få i Rogaland i dag. Fylkeskommunen vurderer at det er betre å</p>

Nr.	Frå	Oppsummert innspel	Vurdering og kommentar
		<p>utdanningstilbod som gir bygningsvernkompetanse.</p> <p>Fylkeskommunen bør saman med kommunane invitere til ein årleg regional kulturmiljø- og bygningsvernkonferanse saman med utvalde kommunar og bygningsvernseier.</p> <p>Arkitektbransjen opplever for tida ordretørke, og det er gode moglegheiter for at arkitektar kan få etterutdanning dersom fylkeskommune og kommune riggar kurs.</p> <p>Fylkeskommunen bør saman med kommunar gå i dialog med NAV for midlar som kan brukast for å halde hjula i gong i dei dårlege tidene i 2023 for å nytte ledig kapasitet i arkitektmarknaden til oppteikning, fotografering og dokumentasjon av viktige byggverk i regionen. Desse må bli utlyste som mindre oppgåver.</p> <p>Det må bli sett i gang eit systematisk arbeid som tar sikte på å sikre vern av fleire verdifulle nyare bygg, anlegg og kulturmiljø som er tidstypiske for dei siste tiåra i regionen. Stavanger Arkitektforening tilrår at alle byggverk som arkitektforeiningar har dokumentet i «arkitekturguide for sør-Rogaland» kan bli lagde inn i temakart og kommuneplanar.</p>	<p>samarbeide med institusjonar i andre fylke enn å opprette nye utdanningar i Rogaland. Samstundes skal fylkeskommunen legge til rette for lærlingar, kurs og stipend for tradisjonshandverk i Rogaland.</p> <p>Fylkeskommunen vil prioritere å utvide kurs- og seminartilbodet innan kulturmiljøvern.</p> <p>Oppteikning, fotografering og dokumentasjon av viktige byggverk er ikkje prioritert i handlingsprogrammet i dag, men fylkeskommunen vil vurdere å bruke arkitektar til kulturminneregistrering i framtida.</p> <p>Fylkeskommunen har lagt til eit tiltak om å kartlegge og vurdere bygg med høg arkitektonisk og arkitekturhistorisk verdi, med utgangspunkt i arkitekturguide for Rogaland.</p>

Nr.	Frå	Oppsummert innspel	Vurdering og kommentar
		<p>Fylkeskommunen må vurdere moglegheita for å legge til rette for produksjon av stilhistorisk korrekte byggevarer som er vanskelege å skaffe, til dømes høvla kledning, Sandnes-panner, skifer eller andre byggevarer.</p> <p>Fylkeskommunen bør saman med staten hjelpe kommunar, politikarar og opinion til å sjå vernearbeidet saman med klima- og miljøsparende løysingar samt behov for klimatilpassing. Dette kan bidra til å gi vern av kulturmiljøa ei sterkare stemme.</p> <p>Kulturmiljøplanen gir ei større forståing av samanhengen mellom omgjevnader og einskildbygg. Randsona er viktig for kulturmiljøa. Når miljøet rundt verna einskildbygg blir sterkt ombygde, blir samanhengane utvatna. Ein bør greie ut om det skal bli pålagt med ein omsynssone rundt verna bygg. Fylkeskommunen må saman med statlege aktørar få fram verktøy og metodar, for å sikre samanhengar.</p> <p><i>Ei kulturhistorie for Rogaland har inga arkitekturhistorie. Viktige arkitektoniske periodar og viktige arkitektur som har delteke i utforminga av dei regionalt viktige kulturmiljøa våre, bør bli skrivne inn i kulturhistoria.</i></p>	<p>Dette forslaget kan bli sett saman med satsing på bygningsvernåtgjeving, men er førebels ikkje føreslått som nytt tiltak.</p> <p>Regionalplanen og Riksantikvaren sin klimastrategi gir gode rammer for å sjå desse behova saman. Riksantikvaren har blant anna utarbeida gode rettleiarar for energieffektivisering i verna bygg.</p> <p>Fylkeskommunen er einig i at arealet rundt verneområde også er viktig, og i einskilde tilfelle kan ein omsynssone over randsona vere riktig, men dette bør bli vurdert i kvar einskild plan.</p> <p>Fylkeskommunen ser forslaget saman med ynskje om å bevare bygg med arkitektonisk verdi, og har inkludert det i same forslaget.</p>
39	Stavanger kommune	Stavanger formannskap behandla saka i møte 23.03.23 og fatta følgjande vedtak:	Tatt til orientering.

Nr.	Frå	Oppsummert innspel	Vurdering og kommentar
		<ol style="list-style-type: none"> 1. <i>Stavanger kommune sluttar seg til planforslag for regional kulturmiljøplan.</i> 2. <i>Kommunen tilrår at strategiar og handlingsplan vert endå meir spissa på områda som gjeld tilskot og rådgjevingstenester for bygningsvern, slik at dess tiltaka blir prioriterte for gjennomføring. Det bør vurderast å knyta nye løyvingar til planen.</i> 3. <i>I Stavanger bør det etablerast eit fysisk bygningsvernssenter med lager, verkstad og tilsette som har bygningsteknisk kompetanse innanfor tradisjonshandverk.</i> 4. <i>Registrering av småbåtar er eit godt og nyskapande tiltak og bør føra fram mot større merksemd om dette temaet i det regionale og lokale, kulturmiljøvernet.</i> <p>I kommunen sitt høyringsbrev går det også fram at følgjande oversendingsforslag vart fremja og sendt kommunedirektøren til oppfølging: <i>Stavanger kommune er allerede i gang med å utrede mulighet for et gjenbrukssenter for byggevarer som nevnt i punkt 3, men kommunedirektøren bes å vurdere å gå i dialog med Rogaland fylkeskommune om å etablere ett eller fleire regionale sentre, både på nord- og sør-Jæren.</i></p>	<p>2. Fylkeskommunen har allereie sett av midler til rådgiving og har auka avsatte midlar til tilskotsordningar, i tillegg bør kommunane sjølve vurdere om dei kan opprette kommunale støtteordningar. Tatt til orientering. Fylkeskommunen har tatt initiativ til å oppretta ei rådgjevingsteneste innan bygningsvern. Eit bygningsvernssenter er noko anna/meir enn ei slik teneste. Det er ikkje noko i vegen for å kombinera/inkludera rådgjevingstenesta med eit bygningsvernssenter, men det er ei rådgjevingsteneste som er prioritert i denne planen, og som fylkeskommunen vil bidra til å finansiera.</p> <p>Tatt til orientering.</p> <p>Tatt til orientering</p>
40	Strand kommune	Formannskapet i Strand kommune fatta 02.02.2023 følgjande vedtak:	Fylkesdirektøren har tidlegare vurdert Solbakk som i minste laget for å kunne bli teke inn i planen som eit kulturmiljø. Solbakk vil bli

Nr.	Frå	Oppsummert innspel	Vurdering og kommentar
		<p><i>Strand kommune opplever at regionalplan for kulturmiljø i Rogaland fremstår som en god plan. Planens mål og strategier treffer godt, og oppleves riktige. Muligheter og utfordringer som belyses fremstår kjent. Planen gir totalt sett en god oversikt for regionale viktige kulturminner i Strand kommune, men helleristningene på Solbakk mangler og tas inn i planen. Rogaland fylkeskommune gir rådgivning og kompetanse på fagområdet og det er bra at planen i større grad tar opp i seg identitet, formidling og reiseliv enn tidligere. Det sees også bra med de utfyllende vedlegg til planen, både med kart og tekst.</i></p> <p><i>Høyringsinnspill gis i tråd med fremlagt sak.</i></p> <p>Kommunen meiner utvalet over kulturmiljø i Strand verker å vere dekkande, men har eit par innspel til omfang og skildring, særskilt til stålverksområdet(der Strand kommune har satt i gong ein kulturminneregistrering) og Strand kyrkje(Strand kyrkjelege fellesråd har behov for å utvide gravplassen). Strand kommune ynskjer betre kompetanse i kommunen, for å kunne følgje opp kulturmiljøansvaret og regionalplanen. Strand kommune ser regionalplanen i samanheng med arbeidet med kommune sin næringsplan, reiselivsplan, kulturplan og kulturminneplan.</p>	<p>vurdert nærare i samband med tiltaket kartlegging av heilskaplege arkeologiske kulturmiljø</p> <p>Omfanget av stålverksområdet er noko endra etter innspel, men kan bli vidare endra når kommunen fullfører si kartlegging. For Strand kyrkje er ein tilpassa utviding av gravplass ikkje i konflikt med status som kulturmiljø av regional interesse, men slike tiltak må bli vurdert mot automatisk freda kulturminne etter kulturminnelova. Utover dette vert uttalen teken til orientering.</p>

Nr.	Frå	Oppsummert innspel	Vurdering og kommentar
		<p>Kompetanse er viktig for Strand, både i forvaltninga og i næringslivet.</p> <p>Digital formidling, og særleg digital kulturarvportal, blir trekt fram som gode løysingar. Ynskjer felles marknadsføring av digitale løysingar.</p>	
41	Suldal kommune	<p>Suldal kommune hadde Regionalplan for kulturmiljø til politisk handsaming i LMT-utvalet 14.03.23.</p> <p>Suldal kommune vil rose Rogaland fylkeskommune for ein godt gjennomarbeida plan.</p> <p>Suldal kommune er godt nøgd med at planen legg stor vekt på strategiar som informasjon, rådgjeving og samarbeid.</p> <p>Suldal kommune er nøgde med eige prøvesamarbeid med Ryfylkemuseet om gratis rådgiving til eigarar av kulturminne, finansiert via tilskot frå Riksantikvaren. Kommunen ynskjer vidare samarbeid og vidareutvikling av ordninga.</p> <p>Suldal kommune støttar strategiar om å bruke kulturmiljø i lokal stadutvikling og reiseliv.</p> <p>Suldal kommune er samd i 6 av dei 7 områda i Suldal som er peika ut som regionalt viktige kulturmiljø. Dette gjeld Kilen, Sand, Jelsa, Litunet, Kolbeinstveit og Foss.</p> <p>Suldal kommune er ikkje samd i at kaiområde i Vanvik er teke med og vist i planen.</p> <p>Deler av kulturmiljøet i Vanvik, naustrekka, er regulert til bevaring, og viktige å bevare. Takka</p>	<p>Tatt til orientering.</p> <p>Tatt til orientering.</p> <p>Tatt til orientering.</p> <p>Tatt til orientering.</p> <p>Vanvik er eit kulturmiljø som består av mange ulike deler, der naustrekka er den klart viktigaste delen, og nausta har høg regional verdi. Fylkeskommunen er samd i vernet nausta har gjennom reguleringsplan, men har tatt miljøet ut av oversikten over kulturmiljø av regional interesse.</p>

Nr.	Frå	Oppsummert innspel	Vurdering og kommentar
		<p>vere lokalt engasjement i 2022 er nausta truleg midlertidig berga. Suldal peiker på at grunngevinga for miljøet er fagleg svak. Suldal kommune har og i dialogmøte med fylkeskommunen under utarbeiding av planen uttalt at Vanvik ikkje burde vere med.</p> <p>Suldal ynskjer at <i>Ei kulturhistorie for Rogaland</i> bør ha meir fagleg innhald om kva kulturminne i fjell, hei og utmarksområde har hatt av betydning for historia i indre Ryfylke.</p>	<p>Kulturminna er spor av menneskets aktivitet i fjellet, og har hatt stor betydning i indre Ryfylke. Det er lagt inn eit eige tiltak om registrering av kulturmiljø i hei og fjell. Ei kulturhistorie for Rogaland har og ein faktaboks om denne type kulturminne. Ei kulturhistorie for Rogaland er vurdert til å omtale betydninga av fjellet godt i dag.</p>
42	Time kommune	<p>Formannskapet i Time kommune handsama høyringsuttalen 21. mars 2023.</p> <p>Time kommune meiner høyringsutkastet til ny regionalplan for kulturmiljø 2023-2035 er eit godt kunnskapsgrunnlag for arbeidet med utvikling og forvaltning av kulturmiljø i Rogaland.</p> <p>Den nye regionalplanen vil vera nyttig for Time kommune i arbeidet med å revidera kommunen sin kulturminneplan. Kommunen ynskjer godt samarbeid med fylkeskommunen i prosessen.</p> <p>Time kommune støtter vektlegging av bevaring av kulturmiljø, ikkje berre enkeltståande kulturminne.</p> <p>Time ser intensjonen med utvalet er godt, men er skeptisk til bandlegging av ganske store område.</p> <p>Time kommune legg til grunn at fylkeskommunen bygger vidare på kommunale planar. Forvaltning av Gymnashøgda og Bryne sentrum bør legge</p>	<p>Tatt til orientering.</p> <p>Områda markert i kartet er ikkje bandlagde, men er område der ein bør ta særlege omsyn. Sentrumsplanen for Bryne tar omsyn til kulturminne, men det skjer stadig endringar, og det kan vere element av stor verdi som det ikkje er tatt omsyn til i dag. Når Time kommune reviderer kulturminneplanen er det eit fint høve</p>

Nr.	Frå	Oppsummert innspel	Vurdering og kommentar
		<p>sentrumsplanen til grunn, fordi sentrumsplanen balanserer vern og bevaring med behovet for utvikling og vekst.</p> <p>Time kommune er einig i verdien til Fotland-området. I den vidare utviklinga av bygningane og miljøet må ein i eit samspel mellom kommunen, grunneigar og regionale og sentrale styresmakter søka etter gode og berekraftige løysingar basert på «vern gjennom ny bruk».</p> <p>I Time kommune sin høyringsuttale til Riksantikvaren om KULA-områda blei det peikt på at det er kommunane som forvaltar områda med føresegner og retningslinjer kommuneplanen, og at noverande lovverk inneheld gode (nok) verktøy for bevaring og utvikling, og at det er viktig å involvera grunneigarane i framtidig planarbeid og forvaltning av områda. Time kommune legg til grunn at desse signala blir følgt opp i komande samarbeid.</p>	<p>til å vurdere om det er andre kulturminne som har stor verdi for lokalsamfunn og lokal utvikling.</p> <p>Tatt til orientering.</p> <p>Tatt til orientering.</p>
43	Tysvær kommune	<p>Tysvær kommune har gjeve høyringsuttale til regionalplan for kulturmiljø, og til planprogram for regionalplan for kultur. Rådmannen sitt forslag til vedtak om at <i>høyringsuttale godkjennast</i>, blei vedteke i Levekårsutvalget 01.02.23.</p> <p>I Formannskapet (14.02.23) og i FSK-008/23 blei høyringsuttalen godkjent med følgjande tilleggspunkt:</p> <ul style="list-style-type: none"> - <i>Friluftsliv som tema i planen</i> - <i>Språk som kulturberar</i> 	<p>Tatt til orientering.</p> <p>Desse tilleggspunkta er mest relevant mot regionalplan for kultur, men friluftsliv er også eit viktig tema i regionalplan for kulturmiljø.</p>

Nr.	Frå	Oppsummert innspel	Vurdering og kommentar
		<p>- <i>Sikre breiddeforståing av kultur.</i> Tysvær kommune skriv at dei har eit godt samarbeid med fylkeskommunen både innan kulturvern og innan resten av kulturfeltet.</p> <p>I uttalen som omhandlar regionalplan for kulturmiljø, påpeiker kommunen at mindre og mellomstore kommunar ikkje kan ha faste stillingar på kulturmiljøfeltet. Tysvær kommune opplever at særleg byggesaker legg press på kulturmiljøa, og at slike saker i ein del tilfelle treng høg fagkompetanse. Kommunen trekkjer fram området ved Nedstrand som særleg utsett. Fylkeskommunen med sitt fagmiljø bør ta eit større ansvar i samråd med kommunane.</p>	<p>Tatt til orientering.</p> <p>Tatt til orientering. Fylkeskommunen ynskjer å legge til rette for kompetanseheving hjå kommunane, og oppmodar til interkommunalt samarbeid. Byantikvarstillingar eller tilsvarande er eit kommunalt ansvar. Fylkesdirektøren har lagt inn eit nytt tiltak i handlingsprogrammet om kommuneantikvarar i kommunane.</p>
44	Utsira kommune	<p>Formannskapet i Utsira kommune behandla høyringa som referatsak for Utsira formannskap den 20. februar 2023.</p> <p>Utsira kommune har innspel til kulturmiljøet Nordvikvågen, Kommunen ynskjer at omfanget blir redusert og at einskilde område rundt ferjekaien og på vestsida av vågen vert tekne ut. Desse er markert i kommuneplanen som bebyggelse og anlegg, næring, veg og LNF-område.</p>	<p>Markeringane av kulturmiljø representerer ikkje omsynssone, og skal ikkje vera til hinder for lokal utvikling, men vera tydelege signal om at her må utviklinga tilpassast kulturmiljø og lokalsamfunn. Eit miljø kan bestå av både delar av høg verdi, og delar som er mindre interessante, men som er viktige som del av heilskapen.</p> <p>Fylkesdirektøren har redusert avgrensinga av kulturmiljøet for å gjera det tydeleg kva område av Nordvikvågen som er prioritert og særleg viktig å ta vare på. Ferjekaien og det moderne leilighetsbygget ved sida av kaien er tatt ut av miljøet etter innspel.</p> <p>Vestsida av Nordvikvågen er tatt ut av miljøet, men det freda naustet tilhøyrande Utsira fyr som og ligg vest i vågen er ikkje tatt ut.</p>
45	Vindafjord kommune	<p>Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak blei samrøystes vedteke i utval for drift, utvikling og kultur 13.03.23:</p>	<p>Tatt til orientering.</p>

Nr.	Frå	Oppsummert innspel	Vurdering og kommentar
		<p><i>Vindafjord kommune</i></p> <ul style="list-style-type: none"> - <i>sluttar seg til dei overordna måla med tilhøyrande strategiar.</i> - <i>ser nokre strategiar og tiltak som særskilt viktige for sitt arbeid med kulturminne, desse er trekte fram i saksutgreiinga.</i> - <i>vil peika på ytterlegare tre kulturmiljø som bør vurderast å tas inn i Regionalplan for kulturmiljø:</i> <ul style="list-style-type: none"> ▪ <i>Løa i Stokkadalen; den er den einaste freda bygningen i Vindafjord</i> ▪ <i>Romsa-øyane; med sitt kulturlandskap, sine mange hustufter og eksisterande bygningar har etter kommunedirektøren si vurdering verdi som eit regionalt kulturmiljø. Det er samstundes eit svært viktig regionalt friluftsområde.</i> ▪ <i>Postvegen; er ein del av den historiske postvegen mellom Bergen og Stavanger</i> - <i>ser behovet for ei tydeleggjering med tanke på grensegang mellom lokalt og Regionalt viktige kulturmiljø.</i> <p>I saksframlegget skriv kommunen at dei er nøgde med at det i planen blir lagt særleg vekt på strategiar som informasjon, rådgjeving og samarbeid. Fleire strategiar samsvarar med kommunen sin eigen kommuneplan og kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø. Strategiane omhandlar i tillegg til informasjon, rådgjeving og samarbeid, også kulturmiljø som</p>	<p>Løa i Stokkadalen har høg verdi som eit av dei eldste ståande bygga i Rogaland. Likevel er den ikkje del av eit heilskapleg miljø. Fylkeskommunen kjenner i for liten grad til kulturminne på Romsa, og ynskjer å undersøke dette nærmare i oppfølging av planen.</p> <p>Postvegen er allereie registrert som kulturminne i Askeladden og Temakart-Rogaland med markering tilsvarande veglinja, men er ikkje vurdert til å vere del av eit heilskapleg miljø.</p> <p>Tatt til orientering</p>

Nr.	Frå	Oppsummert innspel	Vurdering og kommentar
		ressurs i lokal stadutvikling og i næringsutvikling. Det er viktig at fylkeskommunen ynskjer å styrka arbeidet i kommunane.	
46	Ytrabergets venner	<p>Ytrabergets venner meiner at planen gir ei god oversikt over Ytraberget i Sola. Ytraberget består av mange ulike kultur- og naturverdiar. Heile halvøya blir brukt av barnehagar og skular i området og gir høve for fysisk aktivitet, utforsking og undervising. Sidan 2005 - då Ytrabergets vener blei stifta - har dei opplevd truslar mot miljøet, forslag om nye bygg og anna utnytting av område som ville ha forringa lokale verdiar.</p> <p>Foreininga ynskjer eit betre vern av heile halvøya slik at alle verdiane kan bestå i framtida. Foreininga føreslår ei utgreiing av vern etter naturmangfaldlova. Gamle landskap nær urbane strøk vil ha ei sentral betydning for etterkømarane våre.</p>	<p>Tatt til orientering.</p> <p>Ytraberget er eit godt døme på vern gjennom bruk, og å ta i bruk kulturhistorie som ein ressurs for lokalsamfunnet.</p> <p>Tatt til orientering. Vern etter naturmangfaldlova er ikkje vurdert som del av regionalplanprosessen. Innspelet vil bli teke med i dialog med Statsforvaltaren i Rogaland og Miljødirektoratet.</p>
47	Sauda Vekst AS	<p>Sauda Vekst uttaler seg som den lokale næringsforeininga for Sauda. Dei representerer ca. 85 medlemsbedrifter kor Eramet Norway og Sauda kommune er største aksjonærar. Dei stiller seg, på vegne av fleire medlemsbedrifter, undrande til at dei ikkje er blitt involverte i prosess eller arbeidsgruppe knytta til regionalplanen.</p> <p>Sauda Vekst AS og deira medlemsbedrifter er svært kritiske til å innføre området Sauda Smelteverk som eit regionalt kulturmiljø. Dei</p>	<p><i>Regionalplan for kulturmiljø</i> er ein regionalplan med eit perspektiv for heile Rogaland. Lokale organisasjonar, bedrifter og grunneigarar er til vanleg ikkje direkte involverte i slike planprosessar, heller ikkje til utvelging av kulturmiljø av regional interesse. Sjå elles kommentar til Klepp kommune. Ei markering av Sauda smelteverk betyr ikkje at heile Sauda smelteverk er - eller skal bli - underlagt vernereglar. Fylkeskommunen er einig i at ei kartlegging kan auke medvit og kunnskapsgrunnlag og den er nyttig for å få klart kva som kan vere viktig å ta vare på i miljøet. Det er difor området er markert slik det er i <i>regionalplan for kulturmiljø</i>.</p>

Nr.	Frå	Oppsummert innspel	Vurdering og kommentar
		<p>meiner dette vil leggje uforholdsmessige store restriksjonar på vidare industriutvikling i eit område kor det eksisterer initiativ til utvikling av nye industrietableringar som kjem det grønne skiftet i møte, initiativ som er ønska både lokalt, regionalt og nasjonalt. Dei viser til at Sauda blir framheva som eit prioritert energiknutepunkt i <i>Regionalplan for Grøn Industri</i>, og at nye initiativ og etableringar i utgangspunktet må skje på eksisterande regulert industriareal.</p> <p>Sauda Vekst AS og deira medlemsbedrifter er klar over den samfunnsmessige og industrihistoriske betydninga Sauda Smelteverk har, og er ikkje avvisande til ei ny kartlegging av dei viktigaste bygningane og strukturar for å auke medvit og kunnskapsgrunnlag. Dei meiner likevel at ei ytterlegare kartlegging ikkje må være til hinder for vidare industriutvikling.</p>	<p><i>Regionalplan for grøn industri</i> og <i>Regionalplan for kulturmiljø</i> heng saman, og området kan både vere eit kulturmiljø og eit energiknutepunkt.</p> <p>Etter høyringa har fylkesdirektøren hatt eit møte med dei berørte partar, der ein vart einige om å endre skildringa til kulturmiljøet for å tydeleggjere intensjonane. Ny tekst har vore til gjennomlesing hjå dei berørte partar og Sauda kommune har kome med merknader til ny tekst og desse er følgd opp.</p>
48	Erik Gotfredsen	<p>Erik Gotfredsen har innspel til utviding av kulturmiljøet i Rekefjord, og til forslag til nytt kulturmiljø i utløpet av Rekefjord og Nordfjord i Sokndal. Sokndal kommune har foreslått eit nytt miljø i Rekefjord og Nordfjord, og utviding av miljøet i Rekefjord.</p> <p>Gotfredsen fortel om den lange historia til Rekefjord og kulturminne i fjorden. Rekefjord inngjekk i Sogndal ladestad og var en viktig trygg hamn. De omkringliggende fjella og fjorden skapte disse hamneforholda.</p>	<p>Rekefjord er eit viktig miljø med lang historie, fjella rundt Rekefjord er del av det naturgitte grunnlaget for historia, og kan vere del av miljøet.</p> <p>Fylkeskommunen vurderer at endringane i kulturmiljøet Rekefjord krever ei nærare vurdering og ny høyring før eventuell innlemming i oversikta. Utviding av Rekefjord bli vurdert hausten 2023.</p>

Nr.	Frå	Oppsummert innspel	Vurdering og kommentar
		<p>På 1960-talet var fisket til tider dårleg, og andre næringar meldte seg. Det blei opna for uttak av stein på begge sider av fjorden. Steinbrota er regulert med uttaksgrenser og parkbelte på Immersteinfjellet.</p> <p>Rekefjord stone AS ønsker å utfordre grensene til parkbeltet på Immerstein, og utvide steinbrotet, og dei har begynt dialog med Sokndal kommune om dette.</p> <p>Gotfredsen ynskjer at kulturmiljøet blir utvida til å omfatte regulert parkgrense i <i>reguleringsplan for Industriområde Rekefjord</i>.</p> <p>Tilsvarande bør og gjelde for foreslått nytt kulturmiljø ved innseglinga til Rekefjord.</p>	